

Utgjeve av Jølster Mållag

1995 – 12. ÅRG.

Dråpar


*som svaler bender
over steinar*

*bimmelen kviler lett
mot fjella*

*dråpar frå
vinterhjarte*

*dansar med
vatn frå snøen*

*finn nye vegar og
lever no*



Tekst: Connie Hamre

Teikning: Elsa Norunn Håheim Nydal

Jølster mållag

Styret 1995

Kåre Lien, leiar

Magnar Juklestad, nestleiar

Ann Elena Vie Stadheim, kasserar

Edgar Holen, skrivrar

Åge Førde

Grete Skaar Sunde

Du er hjarteleg velkommen til å bli medlem i
mållaget!


Adressa er:

Jølster Mållag

Ann Elena Vie Stadheim

6840 VASSENDEN

Medlemskontingenten for 1996 er 190 kroner.
Familiemedlemer 130 kroner.



Av innbaldet:

side

Posthornet skal ha høg lyd	
Frå soga om postruta gjennom Våtedalen	4
Førde i Jølster	6
Mørke kveldar	6
Jenta og drengen	
Ei soge frå gamal tid	7
Ro	11
Grete Huus	
– i år er ho kunstnar i Jølst	12
Jølstratrøya	
ide - utvikling - arbeidsplass	14
Barne- og ungdomsminne	
frå Østenstad	16
Ei romantisk kråkevise frå Telemark	19
Brua	19
Ei eventyrleg reise	20
Legenda om barnet og krybba	
som vart borte	26
4. klasse ved Vassenden	
skule 1995/96	28
Jølstringane meier	31
Rafting	33

Dikting frå Jølster

Jølster Mållag er glade og stolte over å ha realisert desse bokplanane etter fleire års arbeid. Her er prologar av Anna Østenstad og Anders P. Sægrov, dikt av Magne Bolset og Rakel Viken og noveller av Dagfinn Hjellbrekke og John Svidal. Vidare finn ein radiokåseri av Olav J. Befring og Magnus Hope, revyviser av Bjørn Førde og Einar Gau-tefall og tekstar med stor lokalhistorisk verdi av Helga Fluge og Dorthea Kjøsnes.

Boka presenterer 42 skribentar frå Jølster, og på 144 sider får ein vite litt om kva desse skribentane står for. Jølster Mållag er sikre på at folk i kommunen vil ta godt i mot boka. Når du les dette, har du truleg hatt vitjing av ein bokseljar. Men bøkene går fort unna, og nye opplag kjem nok ikkje på tale. Kvifor ikkje kjøpe fleire bøker og spare nokre til julegåver for komande år? Dikting frå Jølster vil vere den perfekte julegåve til folk som har alt, og garantert det beste ein kan sende til utflytte jølstringar (saman med Jølst 1995)! Noregs Mållag har kjøpt ti bøker. Ein utflytta jølstring har kjøpt elleve bøker. Nokon betre?

Dersom du ikkje har fått tak i boka, er ho til sals i bokane i Jølster. Du kan også ta direkte kontakt med styret i Jølster Mållag og kjøpe boka hjå Åge Førde i Førde, Edgar Holen i Stardalen, Magnar Juklestad i Årdalen, Ann Elena Vie Stadheim og Grete Skaar Sunde i Sandalen eller hjå Kåre Lien i Hjellbrekkfelta på Vassenden.


Til slutt ei takk til alle dei flinke bokseljarane som har hjelpt oss med dette store prosjektet.

Styret i Jølster Mållag v/Kåre Lien

Posthornet skal ha høg lyd

Frå soga om postruta gjennom Våtedalen

Av Edgar Holen



5780. PARTI AV VÅTEDALEN, NORDFJORD.

K. KNUDSEN-BERGEN.

Foto: K. Knudsen. Univ.biblioteket, Bergen
Utlånt av Jølster Folkebibliotek.

Det norske Postvesenet vart organisert i samsvar med Postanordning frå 4. august 1758. I førre århundre var det etter måten god postgang dei fleste stader i det sørnafjeldske Norge, sjølv om tida det tok å få posten fram sjølvsgåt verkar uhorveleg lang i dag.

Gjennom Jølster gjekk den sokalla «Trondhjemiske postveg». Den gjekk over Førde i Jølster og vidare til Breim. Posten vart ført med båt over Breimsvatnet, men dette kunne vere usikkert, særleg haust og vår.

Jakob Førde sit inne med opplysningar som syner

at det så tidleg som i 1829 vart oppretta ei alternativ, ridande postrute gjennom Våtedalen.

Det ligg føre eit dokument som syner at Knut Zakariasson, født Fossheim, fekk sokalla patent på denne postføringa dette året. Det er eit omfattande ansettelsesdokument der det står at postføraren skal tene i fem år. Etter den tid kan han vente avløsing, men han kan ikkje forlate posttenesta utan at ny postførar er utnemnt. Etter endt teneste skal han behalde pass slik at han framleis er fri for å gjere militærtjeneste.

Detaljert instruks

At postføringsa vart ansett som svært viktig synes den detaljerte stillingsinstruksen som følgjer patentet:

Postføraren skal, såframt han ikkje er ute på ruta, ikkje opphalde seg meir enn ei kvart mil frå poststasjonen (Klakegg). Når posten nærmar seg skal han stå påkledd og parat, slik at han raskt kan kome i veg og posten ikkje bli seinka. På ei mil bør han ikkje bruke meir enn halvannen time. Frå Klakegg til Reed kan han bruke tre timer når veret er godt, i dårleg ver og føre 4 timer. Det er hans plikt å få posten fortare fram om det er råd, men han blir straffskuldig om han brukar lengre tid.


Instruksen inneholdt like til påbod om at avtroppande og påtroppende postførar skal hjelpast å med å få posten over på den nye hesten eller kjerra.

Det var strengt forbode å ta med brev og andre saker som folk gjerne ville ha skikka med postføraren, men som ikkje var ekspediert som post. Slik er det vel også i dag.

Posthornet


Bruken av posthornet ser ut til å ha vore svært viktig. Postføraren skal lære seg å blåse slik at det gir sterkt lyd. Han skal m.a. blåse når han møter nokon på vegen slik at dei i god tid kan vike for postkaren. Blir han utsett for overfall eller uhell, skal han sjølv sagt blåse så mykje han kan. Det skal også blåsast når posten passerer gjennom byar og tettstader. (Det avskriftet av patentet som Jakob Førde har, er omsett av A. O. Klakegg. Truleg er det eit standarformular som galdt for alle tilsettingar i det norske postvesenet.)

Postføraren hadde mange plikter, og oppfylte han ikkje desse var han truga av streng straff. Likevel var han ein mann med større rettar enn mange andre. I sluttan av dokumentet er det gjort greie for korleis han kan få retten sin om han blir forfylgd eller forretta. Da skal han klage til postmeisteren, og det er viktig, får han ikkje hjelp han er nøgd med der, kan han vende seg til «Det Kongelige Departement». Ikkje alle hadde såpass sjanse til å få sin rett i dei dagar.



Mot Våtedalen. Foto: K. Knudsen. Univ.biblioteket, Bergen.
Utlånt av Jølster Folkebibliotek.

Førde i Jølster



92.7

Dette biletet, som er utlånt av Jakob Førde, skriv seg truleg frå fotografikunstens barndomstid. Namnet på fotografen kjenner vi dverre ikkje, men motivet er den gamle skyss-stasjonen i Førde i Jølster. På originalbildet kan ein tydeleg sjå tre køyredoninger som står parkert framfor husa som stod omrent der garden til Oddvin Førde ligg no. Biletet er truleg frå 1860-åra. Grunnen til at ein kan påstå det er at hotell «Skjorta», som ei tid stod her, ikkje er med på dette biletet. Hotellet vart oppført i 1872.

EH

Mørke kveldar

Tekst: Connie Hamre

mørke kveldar
et bitar av
sommaren
var fin med lyse netter og varme
dagar
kjem til oss og fer like stille som dei
kom
haust med famnen full av
søte frukter
som eg byr deg når du kjem i
mørke kveldar

Jenta og drengen

Ei soge frå gamal tid – Del 1

Av John Svidal

Vinteren hadde vore både kald og lang, tykte han Lars i Jølet, som hadde gått heime sidan slåttonna var ferdig året før. Han fylte 18 år denne vinteren og var sprek og sterk og ville så gjerne få arbeid så han kunne hjelpe seg sjølv. Plassen Jølet var ikkje meir enn faren og mora og 2 yngre sysken kunne greie det. Noko hadde det hjelpt på denne vinteren med rypefangst som Lars fekk i snara han hadde sett ut – når han elles var oppe i bergja og henta ved og drog heim i Jølet.

Men så kom 1. påskedag, og det vart ein gledens dag. Faren og mora hadde vore til kyrkje, og der hadde dei treft han Anders i Færleteigen. Han stod opprødd for drengehjelp til vår- og sommarvinna, no sonen hans var innkalla til soldatteneste på Bergenhus. Løna vart avtalt med fritt opphold, 1 dalar og skinn til eit par sko frå sumarmål til vinternetter. Du, så glad Lars vart – han skulle ut i verda og tene – sjå anna land og andre folk enn dei som var heime i Jølet. Færleteigen låg på andre sida av vatnet og der hadde han ikkje vore før. Han hadde sett grenda på andre sida kvar dag, men likevel var det som ei anna verd.

Det var endå nokre dagar til sumarmål og Lars levde i spaning. Han stelte til og ordna i skrinet som han hadde laga med mykje flid vinteren før. Med svijarn hadde han laga border og krusedullar, og til slutt på framsida, L.J. 1686.

Sumarmåldagen var i kjømda, og den 13., i middagsleitet la Lars i veg med skrinet med personlege ting på ein kjelke, over isen.

Det hadde vore rimeleg mildt dei siste dagane, med sol, så isen var byrja verte grå og stripete mot nordre landet, så ein måtte sjå seg vel føre for ikkje å gå gjennom ei råk. Han hadde hørt fortalt om fleire som hadde gått gjennom isen og «bleiv», som dei sa.

Etterkvart som han gjekk, var det liksom grenda og husa vaks og han kunne skilje stove, fjøs og løe. Han snudde seg og såg tilbake, men det var kvorve vekk. Det viste seg eit høgt fjell over Jølet som han aldri hadde sett slik før – med bratte berg og hamrar. Han såg på staden der han hadde vore med faren og henta ved. Det var utruleg så bratt det såg ut.

Lars var komen vel på land og spaninga steig. No var det berre ein kort stubbe opp til husa. Han var innprenta heimanfrå korleis han skulle te seg når han kom til framande. Då han kom fram i tunet, såg han ein kar som for med ein «vandel» halm inn i stal-

len. Lars venta ei stund på tunet, og då karen kom ut stalldøra, slapp han kjelkesnoret, tok hua i handa og gjekk til møtes: «Gu dagen, det er han Lars i Jølet, eg skulle kome her og tene etter som ho mor og han far har sagt.»

«Å ja, det er du som er son hans Ivar Larsen?»

«Ja!»

«Du får vere velkommen og finne deg vel tilrettes,» og så skulle han fylgje med å verte kjend med dei andre på garden, fyrst folket.

Lars var overveldta av det store stovehuset dei gjekk inn i. Det var minst tre gonger så stort som heime i Jølet. Fyrst kom dei inn i gangen, som var stor og romsleg, med store fine samanfelte heller i golvet. Det var fjøler over bjelkane, så oppå der måtte det vere eit rom, tenkte Lars. På innsida var det nabbar i veggen som ein stige med luke over. Nabbane kunne ein henge klede på, og samstundes komme seg opp på lemmen. Anders gjekk føre og let opp stovedøra som var av to tjukke plankar, samansette med to innfelte tverrliggande samhald av bjørk. Hengslebeslaga rakk inn på halva, og dørklinka ga frå seg ein lyd som om den skulle varsle at her kom det nokon.

«Ja, her er den nye drengen vår,» sa Anders, midt på stovegolvet.

«Takk og pris for at vi får hjelp, no sidan han Ivar måtte reise – og so eg som fer opp i inkjes med denne sotta eg fekk under skuronna i haust og som ikkje vil sleppe taket.» Det var kona, ho Brita, som bar seg. Ho sat halvt oppreist i senga, i kråa innfor kovedøra.

Lars gjekk mot senga for å helse. Men samstundes fekk Brita ei hosteri så kovrake og spitt rann or munnen og seig nedetter «lebreen» til golvet. Lars tykte det var ufjelgt. Brita ramla så over på sida, og det såg ut som ho skulle døy.

«Det ordnar seg når våren skikkeleg kjem,» sa Anders.

«Jamen tykkjer eg eg kjenner veien,» let det tørt i kråa.

Borte ved eine langveggen sat ei jente i vevstolen og slo trutt og jamt med vevskeia. Det var dottera på garden. Lars gjekk bortåt.

«Det er han Lars.»

«Synneve,» sa jenta med eit smil, og gjorde eit kast med hovudet så dei lange flettene slo saman over skuldrane, samstundes med eit slag med vevskeia. Lars fekk seg ikkje til å seie meir. Han vart nāmen. Finare jente hadde han ikkje sett. Han visste mest



Teikning: John Svidal

ikkje korleis han skulle te seg – pulsen slo fortare, og hete-ilingar gjekk gjennom hovudet. Han tok seg til ansiktet og drog handa gjennom kviser og skjeggstumper. Han var ikkje noko for verda, etter som det var slengt om i heimegrenda. Det var som det var sagt, at han høvde saman med smaleslaktet.

Anders slo seg ned med eine bordsenden og ba Lars setje seg. Anders la ut om skikk og bruk på garden og elles i grenda. Han fortalte om slekta si, og den som kona hans kom frå. Anders fortalte at han ætta frå Audun Hugleikson og var i sjette rett oppstigande ættled etter Enok, som bygde oppatt garden etter Svartedauden.

Enok var tilflyttar. Han var oppvaksen på ein liten plass ved Trodalsvatnet, og slektsskapet med Audun Hugleikson skulle vere frå ei ferd han var til Naust-

dal for å kreve inn skatt. X 1492 ENOK hogge inn over budøra, kunne tyde på at det var det året han anokterte garden. Den hadde såleis lege brakk i ca. 150 år.

Det hadde vore stilt ei heil økt borti sengekråa, men no byrja Brita å hese som ei smiees. Synneve svinta frå vevstolen og bort til senga og jamna på kleda, rysja litt i sengehalmen og støtta av på høgre sida. Så henta ho ein trebolle og auste opp varma geitemjølk frå ei gryte i grua. Dette gav ho mora med hjelpende hand. Ein ulldott dyppe ho i ei gryte med smelta sauetalg. Denne la Synneve i halshola til mora, og rysja den litt utover som ein liten klut, og over – eit melert randåkle.

•Er du betre mor?

•Ja, berre han Ivar kjem levande heimatt. Det er så

mange fārar uti verda.»

«Det kjem seg når vårsola får meir tak. Det er tid og ro som må til, tida lækjer sār,» sa Anders.

Anders fortalte vidare om garden og grenda, og om hendingar av ymse slag. Sā gjekk dei ut i tunet, slik at Lars skulle verte kjend med bygningars og rom å bu i. Sola sende nokre svake strålar før ho for bakom fjella langt ute på andre sida av vatnet, og kvelden seig på.

Drengebua låg opp i bakken ca. ti alne frā stallen og løa, men sidan det lei på kveld og det var fyrste dagen for Lars, sa Anders at han førebels skulle ligge på kovelemmen, for der var ein fjølg frā stova.

For å komme seg opp på kovelemmen, måtte Lars klatre i nabbar i koveveggen omlag ei fotbreidd utifrā, og skuva opp takluka med hovudet. Anders hjelpte til med å få opp skrinet då Lars var komen opp på lemmen. Det knirka og rikta i gamle fjøler når Lars famla seg fram etter golvet i halvmørket. Det var eit skimmer frā ein glugge i ramen. Gluggen var overtrekt med skrapa skinn av kyrevom. Ein grāsteinmur på to gonger to alen gjekk opp gjennom rommet, det var pipa frā grua i stova. Golvet fall ikkje heilt inntil muren så det lyste frā tende lysfliser i stova. Det gjorde det både koseleg og spanande. Senga var i krāa mellom muren og veggen, og nagla fast. Framsida eller «lebreeen» som det heiter, var ca. ein alen brei furuplanke. Senga var oppreidd med havrehalm og to geitaskinn.

Lars jamna seg ei hole i halmen og la seg ned med eitt skinn under hovudet og eitt oppå seg. Han følte seg trøytt og sliten av heile dagen. Lars hadde aldri vore så langt heimanfrā før, som på den andre sida av vatnet eller fjorden. Det var ikkje så forferdeleg langt når isen låg, men når den for, ville det bli veldig langt. Han lengta mest heimatt. Men så tenkte han på jente med flettene – ho Synneve. Det fylgte ei spenning med henne som han ikkje riktig skjøna kva var. Han kaldsveitta då han helste på henne idag, og skulle dette vere ved kvar gong han kom henne nær, og det måtte han rekne med – når han var på garden!!

Mykje sveiv i hugen. Han strauk med eine handa opp og ned etter veggen som var ru og gluvrete som heime i Jølet. Mykje var likt, men her var det andre dimensjonar.

Det var lunt og godt i sengekrāa. Det varma frā muren og etter kvart som halmen jamna seg godt til oppetter sidene, dorma Lars av. Stilla vart broten iblant av hosterier frā stova og lydar frā hengsler i tunge dører. Og Lars, – han drøynde om gule fletter som veia i vinden og vevskeier som slo i stille natta. Det var fyrste natta heimanfrā. – Ikkje lys, stilt og svart – garden sov!

Lars spratt opp av eit døn i lemsgolv. «Lars, det lysnar av dag.» Det var Anders som var komen på føtene. Lars var fortumla og følte ei skam av å forsove seg. Det var ikkje så greitt. Det var berre sola som var merke for kor langt på dagen ein var komen, og her på lemmen såg ein ikkje sola. Lars drog opp

lemluka, og luka kom etter og gav Lars ein dult i hovudet så han miste fotfeste på ein nabb og gjekk rett i ganghellene. Det gjorde vond og han sprang på dør. Han var mykje trengd som ventande etter ei heil natt. Han sprang bak om den største steinen som var i nærleiken. Her viste det seg at det hadde vore folk før. Seinare fekk han vite at det var «dosteinen» i daglegtale. Lars drog noko vatn over augo frā ei grovskle som rann forbi.

«No må du kome å ete Lars!» Det var Synneve som stod i døra og ropa. Det bar inn i stova, og Synneve svinsa og svansa og sette på bordet ei stor brødkake som var steikt i malmgryte. Synneve fortalte at ho hadde blanda ihop både bygg og havre og litt rugmjøl.

«Vonar du vil like brødet, Lars.» Og det trudde han heilt sikkert, han kunne ikkje anna seie. Så var det treskål med smolt, eit trekjerald med surmjølk. Anders sat ved enden av bordet og skar fliser av ein gamal stutebog. Han hadde kniv av smidd jarn. Elles var det hornknivar og hornskeier.

Det var eit godt måltid. Lars åt vel og lenge og let vel. Synneve fekk lite ro ved bordet. Stundom var ho i krāa og stelte med Brita, mor si, så var det i gruva å legge på meir ved. Det var vatn som skulle hentast til fjøsstellet.

Anders tok ned av veggen primstaven. Den var større og finare enn den som var i Jølet. Den hadde ei vinterside og ei sumarside. Anders la staven på bordet med sumarsida opp og forklarte Lars korleis han talde dagene på staven sin. Den byrja med grønt tre, det var sumarmålsdagen, altså i går, 14. april. Så var det små svarte strek for kvardagane og det var det mest av. Så var det eit kors for korsmesse 3. mai, då presten gjekk rundt og velsigna dei nysådde åkranne. Ei sol for jonsok og ymse andre teikn for persok, olsok, larsok, barsok og til slutt ein vott for vinterdag, 14. oktober.

No var det tid for fjøsstellet. Anders gjekk bort i stallen. Lars fekk vasele og to trebytter for å bere vatn frā grova til ein trestamp i kyrafjøsen. Det teikna til tidleg og god vår. Det var bert på rindane ovan om husa. Åkeren ved vatnet var nesten berr, for den hadde vore molda. Isen hadde fått mange letar, blågrøn og gråsvart og reker på kryss og tvers.

Lars gjekk att og fram med vasele og böttene og tømde vatn i trestampar i fjøsen. Synneve svinsa frā kyr til kyr med mjølkebinne, eit lite trekjerald der den eine av stavane gjekk så langt opp, at det var utforma fint handtak for å halde med ei hand og mjølke med den andre. Elles kunne ein halde det mellom knea og mjølke med begge hendene. Ein slik mjølkekopp var brukt fram til mine dagar, eg har sett den i bruk.

Synneve hadde gøynt flettene godt opp under kluen ho hadde på hovudet, klappa på neste kyr «snille moa», slengde blikk, og smilte når Lars kom med ny vassbør. Ho var glad og tilfreds, – ho hadde fått hjelp med seg. Her var så mykje som skulle gjerast. Det var 8 kyr, 4 oksar frā året før og 5 kalvar i fjøsen. Lars følte seg og glad og tilfreds og bar og bar, – han var

i meiningsfylt arbeid. Musklane stramma seg i ungdomskraft. Og blikka og smila frå Synneve varma ved hjarterøtene. Det var vårtøy både her og der.

Det vart etter kvart nok vatn i kyrafjøsen, det heldt rikeleg for denne dagen. Men ei vassbår i sauefjøsen og ei bøtte i stallen måtte til.

Anders stelte i stallen og sauefjøsen. Her var det 12 sauher og 8 nyfødde lamb. Anders meinte han fekk 3 til. Det var litt tvilsamt om den eine hadde.

Elles var det 2 fjarveire og 3 gimbret. For seg sjølv i eit hjørne stod avlsveiren. Rarare veir hadde ikkje Lars sett. Den var svart på eine sida og kvit på hi. Veiren var svært gamal. Anders sa at dei hadde helde på denne, for avkomme hadde ein gråsvart let på ulla. Av dette spann dei melert garn til undertøy og sengetøy.

I vinkel på sauefjøsen var det eit tilbygg i gråstein. Her var det 8 geiter og alle hadde fått ein killing kvar. Her var eit fela liv, killingane mekra og klatra i steinmuren ratt opp i taket.

«Eg trur pil i jordene det er siste året eg balar med geiter,» sa Anders. «Det vart slik ufjelde med han Zakarias her ut i bakkja sist haust, geitene braut seg over eit gjerde og byrja gnaga på nokre tre. Det er i grunnen berre om sommaren når vi har fått dei ut i Geitebotnen – Geitebotnholten, og den tida dei er inne om vinteren, at det er fjelde med geiter.

Som du ser Lars så er eg ikkje særlig god i høgre foten, så eg kan ikkje springe slik som før. Ja, foten var ikkje god, den stod ut i sida omrent i vinkel på den andre så det gjekk på tverå.

«Da va ei stygge tilbøre da ser du. Eg skulle få smalen ned or marka her ein haust. Eit fjarbeist slo seg vrangt, bles i nasen og staura berre på motbakken. Eg sprang meg overende fordi foten hang fast mellom to steinar. Då eg kom laus dingla foten i sokken. Pil i jordene til verk det var. Eg drog meg på kne over bøgarden og ned på bakkane der oppe. Då såg ho Brita, kona mi, at det var gale på ferde og kom med eit åklede og drog meg til tuns. Eg vart liggande heile vinteren etterpå før foten grodde saman, så eg kunne stå på han.»

Så slepte dei ut geitene og killingane. Lars begde ved eine fjøshjørne slik at dei skulle fare opp gjennom eit jøl som visstnok gjekk heilt til fjells. Killingane mekra og saug og hoppa og klatra opp etter steinar og stu og stake.

«Har dei ikkje bukk,» spurde Lars.

«Jau, visst har vi hatt bukk. Men sist haust byrja han å oppføre seg så gapete at vi fann ut å måtte slakte han mens tida var god. Gamal var han eg trur nesten han var 13 år.» «Det er mykje som støyter til i alderdomen,» sa Anders.

Kva var gale med bukken, hadde Lars lyst å vite. Og Anders fortalte: «Ein dag med solblek i blant byrja bukken å stange på dette blanke svaberget du ser der oppe. Han skalla til berget fleire vender, slo av seg eine hornet så blodet rann. Eg trudde han gjorde ende på seg sjølv så eg batt han inn i fjøset. Seinare ein dag han gjekk i lag med gutane ned med vatnet som var blikkande stilt dén dagen, tok bukken til-

sprang og stupte uti, sumde til lands, sto ei stund og så stupte han på nytt. Då fann eg det tryggast å bitte han inn for godt.»

Fjøsstellet var ferdig for denne økta. Kyr, kalvar, hest og sau hadde fått høy med masse pressa blomster i, blåklokker, prestekragar, soleie, løvetann, raud og kvit kløver og mange fleire.

Anders og Lars gjekk til stova for å få seg ein matbita før dei byrja på anna arbeid. Synneve var oppteken med mjølkebinna, oppsiling til rømmeask og avfløyting til det som skulle bli smør.

Brita som låg i stovekråa, var just ikkje betre enn dagen før. Det var noko kov som sto fast ned for bringa så det var tungt å puste.

Ho lurte på om det hadde vore botevon i å få pressten på plass. «Ja, det er no ikkje lengre vegen fram i Prestegarden at eg får ta ein tur og snakke med han,» sa Anders. Men først måtte han rettleide Lars så han kunne kome i gang med å køyre møk ned på åkeren.

Utanfor garden var det alt kome fem personar ned på sin åker og stod på ei rekkje og hakka med kvart sitt grep. Dei ville alltid vere litt føre på den garden, men så var dei meir hjelpt.

Anders og Lars gjekk til stallen for å få ut øykjen. Det var ein borket jelke. Han var lite lysa på å få beiksle på seg, han la øyra bakover og beit i stallveggen så flisane sprikte. Her var det mange merke gjennom farne år.

Dei fekk spent føre møkasleden og lesste opp eit lass. Lars hadde aldri köyrt med hest før, så Anders köyrde første lasset for å vise, og kvar lassa skulle tømmast. Dette såg enkelt ut, så det måtte gå bra. Lars fekk taumane og köyrde tilbake til møkadungen for å lesse på nytt.

Anders gjekk til tuns for å ordne seg litt for å reise i prestegarden. Lars leste og leste alt det som kunne ligge på sleden og köyrde etter same spor som Anders. Köyrde på skrå utover. Komen ut på åkeren, seig sleden ned på nedste sida og eine draget gjekk frå veiene. Sleden drog seg på tverå og Lars drog så hardt i taumen at den slitna. Hesten gjekk vidare utan styring, sleden kvalde og det andre draget slepte også. Hesten for vidare heilt til den stod ned i fjørsteinane. Der stod han og såg seg tilbake. Lurte visst på kvar køyrekaren var. Dei som var i åkeren utanfor garden, sette i å gapskratte. Lars vart ståande rett opp og ned med den kvalde sleden og var skamfull – han var til låtteløye. Han såg seg rundt og såg Anders for hypersand med den skeive foten og forsvant bak Seljehaugen på vei mot Prestegarden.


Situasjonen var langt frå god.

Fram bald neste jul.

Ro

åra lyfter
vatn
samlar seg i
dråpar
dryp mot
spegelen
speglar
alt
er ro

Tekst: Connie Hamre
Teikning:
Elsa Norunn Håheim Nydal



Grete Huus

- i år er ho kunstnar i Jølst

Grete er ikkje innfødd jølstring. Ho er fødd og oppvaksen på Brandsøy i Flora. Heimeyrkeskulen lokka ho til Jølster, og etter tre år der, gjekk turen til Glasskolan i Årefoss der ho utdanna seg til glasblåsar. Det var langt mellom glasblåsarane i distriktet og yrket var vanskeleg å kombinere med småborn i huset.

I 1978 flytta Grete til Svidalen der ei gammal løe vart omskapt til arbeidsplass, ikkje til glasblåsarverkstad, men til «strikkebu». Som tekstilkunstnar er ho sjølvlærd og etterkvar svært etterspurd. Ho satsar på design og produksjon av eigne modellar. Vi kan nenne Huus-gensaren, Ulla-gensaren og Fiskebein-gensaren, men mest kjend i Jølster er Jølstra-trøya, som har vorte ein stor suksess i bygda.

Oversikt over dei viktigaste utstillingar, stipend, etc.

Gruppe- og juryerte utstillingar:

- 1986: Torshamn, Færøyane – kollektivutstilling.
Distriktsutstillinga Sogn og Fjordane.
- 1987: «Nye» Nordenfjeldske Kunstmuseum.
Vevringutstillinga.
- 1988: Kvinnehistorisk utstilling, Luster Kunstlag.
«Klær og klær, fru Blom.» De Sandvigske Samlinger – Vandreutstilling.
- 1988-89: Norsk form – Vandreutstilling.
- 1990: «Strikkede trøyer med roser og lus»
– Historisk Museum, Bergen.
- 1991: «Kjærlighet på rundpinne.»




*Drakt med fiskebeinmønster. Formgjevar: Grete Huus
Fotograf: Oddleiv Apneseth.*

- 1991-92: Norsk Form – Vandreutstilling.
 1991: Moments of Norwegian patterns – Praha.
 1992: Vestavær – Peder Balke-senteret, Toten.
 1992: Stricka norsk Skansen, Stockholm.
 1992: På Vestkysten – Vandreutstilling.
 1995: Flid & Flørt – Vestlandsk husflid 100 år.


Separatutstillinger:

- 1989: Galleri Villvin, Risør.
 1994: Rogaland Kunstsenter, Stavanger.

AEVS og GSS



*Rankejakka: – Jakke med rankemønster.
 Fotograf: Oddleiv Apneseth.*



*Ulla-gensaren. Formgjevar: Grete Huus
 Fotograf: Oddleiv Apneseth.*


Jølstratrøya

ide – utvikling – arbeidsplass

Av Anny Flatjord

Ein møter leiar for kafenemnda Marit Flatjord for å få vite meir om dei nye arbeidsplassane for kvinner som er oppretta i Stardalen dei siste åra.

Idéen om Jølstratrøya kom fram sommaren 1992 då damene i kafenemnda snakka om å finne fram til ein souvenir som kunne vere sær-eigna for Stardalen eller heile Jølster. Astrid Myklebust hadde kjennskap til Grete Huus som kunstnar/designar, og ho fekk i oppgåve å ta kontakt med henne om å designe (formgjeve) ei jakke eller gensar som kunne gå under namnet Stardalstrøya. Det endelege namnet vart Jølstratrøya i og med at formgjevaren m.a. bygde på kommunevåpenet – liljekrossen – som igjen stammar frå Audun Hugleiksson sitt våpenskjold. Dei store krossane som vi finn i bolen på trøya stammar frå midtrosa i vevne Jølstraåkle. Ermelingingen på festtrøya, her kjem mønsteret frå ei endebord på eit gammalt Jølstraåkle. Overgangen til svart berestykke er markert med ei bord i grønt, svart



Framsida av brosbyren. Fotograf: Oddleiv Apneseth.

og raudt som er henta frå Sunnfjordbunaden. Det er såleis både i form og fargar ei jakke vi lett kan forbinde med kommunen vår Jølster.

Tanken på at dette skulle bli arbeidsplassar var ikkje sentral i starten, ynskjet var å få eit trekkplaster til Sommarkaféen. Formgjevaren kom med skissehefte og eit ferdig strikka produkt av fleire idéskisser. Kafenemnda valde så ut 3 produkt som ein kunne tenkje seg å setje i produksjon. Nemnda var storleg begeistra over resultatet og ivra etter å kome igong. Vi skreiv no oktober 92, og tykte det var utruleg at vi alt hadde eit produkt som vi ville satse på. Arbeidet vi no stod framfor var å få mønstera nedskrivne etter storleik, og få strikka prøvemodellar. Samtidig fekk vi to personar som var interesserte i å strikke, og vi gjekk til

innkjøp av 2 strikkemaskiner.

Stardalsprosjektet kunne no yte tilskot til planlegging og prøveproduksjon, og vi lånte pengar i banken til kjøp av 2 strikkemaskiner. Vi fekk også tilskot frå næringsfondet til kjøpet av «arbeidsreiskap».

Etterjulswinteren 93 gjekk med til å planlegge marknadsføring og produksjon, og den 11. mai 1993 gjekk teppet til sides for den nye Jølstratrøya – med vising for pressa! Takka vere Vestlandsrevyen fekk produsentane ein «flying start». Produkta vart svært godt mottekne. Etterspurnaden var større enn kva strikkeskene greidde å produsere, og i ettertid kan ein seie at ein burde hatt større lager frå først av.

Kolleksjonen består av: festtrøye med kalott, sokkar, genserar, rette trøyer og panneband. Ein kan velje botnfarge (svart eller kvit) og storleik på krossane. Festtrøya har kvit bol med store svarte krossar, ermane har kvit botn med små svarte krossar.

Sommaren 1993 selde vi ein god del plagg i kaféen, og initiativtakarane ynskte å finne ut om produktet var seljeleg også utanfor Jølster. Utsende medarbeidarar drog til Hellerudsletta på messa: «Husflid for alle» i september 93. Responsen var overveldande, og dei kom heim med lange bestillingslister. Dette førte til at vi måtte leige strikkehjelp hos Strynefjell draktverkstad hausten 93 og deler av vinteren 94 for å ta unna bestillingane.

Etter kvart som ein greidde å dekke etterspurnaden, tenkte ein produktutvikling og vidare opplæring, og barnekleda blei no ein del av produksjonen. Samtidig nyttet ein seg av KRUNA sitt tilbod om vidare opplæ-

ring i bruk av strikkemaskinene, og innteikning av mønster på data.

Noko som ein er nøydd til å legge stor vekt på er marknadsføring, og Oddleiv Apneseth blei engasjert som fotograf av brosjyreillustrasjonane, og desse blei utarbeidde i samarbeid mellom formgjevar Grete Huus og Arctic reklamebyrå i Bergen. Plakat med sams framside som brosjyre blei produsert, og seinare også visittkort.

Ynskje om eige produksjonslokale melde seg etter kvart, og då teikningane for Stardalen Bygdetun låg klare, kom det ynskje frå strikkeskene om å nytte loftsetasjen til produksjonslokale. Teikningane blei så omarbeidde slik at dette vart mogeleg å gjennomføre.

Jølstratrøya som var ein souvenirtanke gjev i dag omlag 2 årsverk. Ved sida av strikkeproduksjonen har ein også fått utvikla skjørt og nikkers i vadmål, som Jorunn Andreassen har formgjeve. Dette gjev i dag omlag 1/4 årsverk.

Jølstratrøya har tvillaust vorte ein suksess. Hovudtyngda av salet føregår i Stardalen Bygdetun, men ein leverer også varer til husflidsforretningar i fylket. Ein tenkjer stadig vidareutvikling og nye produkt då ein reknar med at salet av desse noverande produkta vil avta. Men arbeidsplassane håpar vi er komne for å bli.



Ulike modellar av Jølstratrøya.

Fotograf: Oddleiv Apneseth.

Barne- og ungdomsminne frå Østenstad

(1920 – 1930)

Elisabeth Hegrenes

Vi som no er 70 – 80 år er hugsalause og har lett for å gløyme so mange ting som hender i tida, men desto meir kjem minna frå barndommen oftare og klårare fram ettersom ára går.

Mykje har forandra seg frå vi var skuleborn og til i dag, og vi må undre oss over korleis mor og far takla alt slik at vi hadde ein trygg og god heim.

Huset ruvde stort, men det var dårleg innreida, med store og få rom. Når då bestemor hadde eit rom til kove og onkel Henrik eit kott til krypinn, so trengde mor, far, alle vi borna, dreng og terne resten. Det var ikkje ei seng til kvar, langt mindre kvar sitt rom slik dei no har det. Kan godt minnast at drengen hadde ein av eldste gutane med seg i senga og tenestejenta ei av jentene. So dei hadde ikkje mykje privatliv. Men tenarar fekk vi, for dei visste at dei fekk rikeleg og god mat. Var far flink bonde, so var ikkje mor mindre flink husmor.

Vi rekna vel far for å vere streng då vi var små, og han kravde lydnad og ørlegdom. Kvar søndag når vi hadde fritt i oss middagen, var det å samlast i stova og far las preika for dagen. Preikene den gongen var lange og det kunne nok ta ein time, so når far sa: «amen» etter fadervår, var ikkje vi barna seine om å komme oss på dør, for vi visste at ute på tunet gjekk naboborna og venta på selskap.

Kan godt minnast frå skuletida når mor gjekk frå seng til seng for å vekkje oss. Det var sikkert ikkje lett, for vi var B-menneskje alle saman.

Vi hadde lang veg og lang skuledag, med 3 timer føre middag og 3 timer etter middag, so vi var slitne når vi kom heim i firetida, og då smakte det godt med middagsmat. Men vi hadde fri annankvar dag og hadde soleis god tid på leksene, og kunne også vere litt til nytte, for vi hadde alltid småsysken å passe på.

Har lyst til å ta med eit minne frå skuletida, då den eine læraren vår skipa til biltur ein sommar til Byrkjelo. Vi sat på trebenkar på lasteplanet på ein av Firda Billag sine store lastebilar, og turen vart heilt eventyrlig for ingen av oss hadde køyrt bil før.

Einaste framkomstmiddel vi hadde den tida, var hest og kjerre eller slede. Skulle vi til kyrkje, til Førde, til syerske eller andre ørrend ut om krinsen, so laut far vere skysskar. Syklar fekk vi først når vi byrja i prestegarden – som det heitte. Eldste guten fekk hersykkel som gjekk i arv nedover, og eldste jenta fekk damesykkel som laut halde til alle fem jentene.

For oss som for alle andre, so har vi både gode og

vonde minne, men det er berre dei gode som kjem opp på overflata no, og eit av dei beste minna vi har er når vi om haustane fekk reise til bestemor på Juklestad. Vi køyrdet med hest og kjerre og leste på so mange som det var plass til. Det måtte vere litt av eit strev for dei som skulle take i mot oss og lage sengar til so mange. Men det såg ut som om det var til felles glede både for store og små.

Ein annan gong køyrdet mor, far og ei tante til Holmsakyrkja på eit misjonsstemne og to av oss småjentene fekk vere med. Då vi kom ut av kyrkja vart vi bedde inn til lærar Flaten som budde tett ved. Der vart vi sessa saman med prest, prost og emiscer og vi småjentene undra oss over korleis desse alvorlege menn kunne vere so humoristiske og vitse so lättent gjekk høgt under taket.

Men beste minna er no likevel knytte til julen. Juleveka tok far ut kyrkjesleden med hjorteskinnfellen på, og so køyrdet mor og han på butikken for å handle til jul. Hesten hadde besteselen med dombjølle på, og det klang so fint når dei for avstad. At vi som var heime var fulle av forventning, seier seg sjøv, men vi fekk korkje smake eller sjå kva dei hadde kjøpt den dagen.

Først julaltaa når alt var vaska og reint og vi hadde fått finekleda på og juletreet stod pynta i stova, kom pakkane inn og det tok til å luktet appelsin.

Når so alle var ferdige i fjøs og stall, samlast vi i stova og far las juleevangeliet. Minnast so godt første setninga som lydde slik: «Et barn er oss født, En sønn er oss givet.» Etterpå gjekk vi rundt juletre og song. Bestemor og Henrik var alltid med oss den kvelden. Mor sytte for julemiddagen, som oftaast var fisk og ris-sensuppe med kanelbark i, og spør om det smakte. Først etter maten fekk vi opne pakkane. Det var berre ein pakke til kvar, men mor fekk alltid finaste gåva, og det tykte vi at ho var vel verd. Det hende av og til at vi fekk marsipangriser frå Anders i Førde. Appelsin og neter var slikt som berre høyrd jula til.

Seinare i jula var det julefestane å glede seg til. Men den vi såg mest fram til var skulefesten. Då køyrdet vi med hest og dombjølleklang. Dei fleste hadde med seg foreldra, og mødrrene hadde med matkorger som dei sette midt på bordet og so sat vi på kvar vår side og forsynte oss.

I dei dagar var skulehuset vårt forsamlingshus. Der hadde vi ungdomsmøte, leikkurs, losjemøte og ei tid hadde vi sangøving. Men det vi såg mest fram til med

glede, var 17. mai-festen.

Var det nokon av dei unge som ville ha meir lystig moro, måtte dei gå rundt og spørje om nokon var vil-jug til å rydde stova si og sleppe spelemannen inn. Og ein sjeldan gong lukkast dei med det.

Etterkvart som vi vart konfirmert, måtte vi gå inn i vakse arbeid, og ved kyndelsmess kom rennebom-men i stova. Det tok oftast berre ein dag og vevegoga na kom inn. Ho var stor og tok sin plass og når då ullkorga og rokken skulle plasserast attåt at det sto tre sengar i stova, so var det godt at stova var stor. I to månader surra rokken og vevskeia slo frå morgen til kveld, for til påske skulle veven vere ferdig.

Det var nett på den tida han kom, agenten frå Trollefoss Ullvarefabrikker. Som ein frisk vind kom han inn døra, liten og tunn med store kvite flekker i håret. Han snakte ekte Bergensk og hadde eit smittande humør. Første åra hadde han berre prøvar med seg og tok opp bestillingar. Seinare leigde han skysskar og kom med store tøyrullar like inn i stova. Og folk kjøpte. Han var populær både hjå store og små, og det var eit lyst innslag i det kvardagsgrå.

Men om vi jentene hadde arbeidet innandørs, vart det verre for gutane. Kvar einaste dag hadde dei ute-arbeid. Om vinteren var det skogsarbeid eller arbeid på saga alt etter som veret var. Og var dei langt ute i skogen eller på saga, måtte vi gå med middagsmat til dei. Det hende òg at vi måtte gå med nonsmat, der-som dei sto nede på saga og spikra kassar utover kveldane.

Men elles kunne dei ha lange kveldar innandørs på den årstida. Og når arbeidsdagen var slutt, var det for far å strekkje seg på senga som stod i stova. Der sat òg skuleborna med leksene sine, so då måtte vi gå stilt i dørene.

Dei eldste av oss hadde fast plass i koven hjå bestemor. Der sat dei i senga, på dei stolane som var og oppå vedkassen. Henrik hadde lastebil og køyrd varer til handelsmenn og bønder og fylgde soleis godt med i alt som hende rundt om i bygda, og bestemor tykte vel at det var kjekt å høyre på når Henrik og dei store gutane diskuterte. Derfor heldt ho ut å ha fullt hus kvar einaste kveld. Men når klokka var 5 minutt over 9 sa ho: «Nei, no må de gå og legge dokke for klokka er begynt på 10.» Og klokka vart sikkert ti før ho fekk det stilt.

Når so vinteren var på hell og det tok til å verte berre flekker på bøen, var det å ta sauhevaskedagen. Ein stor avlang stamp vart plassert ute for fjøsdøra og vart fyllt med varmt vatn frå eldhuset og blanda med lysol. So var det å ta sauene i føtene og snu dei på ryggen ned i stampen. Og det var eit kjempeturgt arbeid.

Første vårvinna vår var å rake lauv og rydde all stuttorvslåtten. Og det var litt av eit arbeid. Seinare var det å binde trehesjane som stod på akkurat same teigane. Men vi likte kanskje det betre enn å plukke stein, som vi óg måtte take del i.

Når vi kom til mai-juni, vart kyrne urolege og vi barna gledde oss til busleppdagen. Tenestejenta og eit av dei største barna fylgte med i skogen første

dagen for å halde dei samla. Men medan dei var inne for å laga seg niste før bestemor i fjøset med tjærebutten og ei flis i handa, og kvar einaste kyr fekk seg ein tjøreklett på tunga. Vi trudde det hadde noko med overtru å gjøre. På tunet stod alle som kunne halde ei svepe i handa. Og so kom dei. Bjøllekyra først og so heile skreia. Det var ikkje måte på kor vil-le dei var, med allslags sprett og med slåsting og brøl. Den tida var buskapen passeleg feite so dei var lette i kroppen. Det vart nok eit basketak før vi fekk dei ut i skogen, for det var ikkje eit einaste gjerde som kunne møte dei.

Kring jonsok flytte vi på stølen med dei. Det vart nok strevsamt før vi hadde fått vaska ned selet og fått opp ny sengehalm. Men når selet var reint og pynta og det brann i ovnen, kunne vi ikkje betre ha det. Kvar kveld måtte ein av gutane hente mjølk, men det vart likevel tung bør for budeia om morgonen.

Det var so friskt og lett på stølen, so mang ein søndag tok vi middag med oss og gjekk opatt og låg der heile dagen og koste oss. Ofte hadde vi stølsbesøk og det hende vi hadde rømmekolle i treask, og då hadde vi moro av å ete oss i slekt – som det heitte.

Eit stort minus til støslivet, var at vi ofte måtte hente kyrne. Det var ikkje måte på kor langt dei kunne reise av leid. Ofte fann vi dei i nokre holer ut og ned-anfor Mostølen. Og var dei riktig trollte kunne dei ta spranget ned Moholten og stogga ikkje før dei kom ned i flata. Då kunne det verte mørk natt før vi kom på stølen att og det var ikkje enkelt å famle seg fram med fjøsstellet.

Men det kunne også hende at vi ikkje fann kyrne om kvelden. Då var det å stå opp grytidleg om morgonen og legge på sprang ut gjennom skogen og då kunne det hende at det fall nokre tårer.

Var det stas å flytte på stølen om sommaren, so var det ikkje mindre kjekt å flytte heim om hausten. Min-nast kor koseleg det var å sitje på kjøkenet saman med dei andre og ete havregraut med god surmjølk til, slik mjølk som berre mor kunne lage. Sommaren og haustonna var alltid hektisk, so vi var glad når alt var komme i hus.

Men då kom han Matias med treskjeverket og det vart lang dag å treskje alt kornet. Når det då var sålda og tørka, var det for far å reise på kverna å male. Han sat ofte ut over netene for å verte ferdig, og vi tykte det var følt at han skulle gå den lange vegen heim i haustmørkret.

Når vi så hadde fått mjølet på stabburet, var det bakedagane som stod for tur. Ho Bergitta var fast bakstekjerring og flink var ho å bake, men munnen gjekk til liks med kjevle. Hennar faste refreng var: «Sa han – sa ho – sa eg.»

Bestemor laga deigene, to bakte og ei av dei største jentene steikte på helle som låg over open varme i grua. Det var uråd å steikje alt ferdig etter to bakarar. So når dei heldt kveld, hadde vi oftast ein stor stab med halvsteikte brød som måtte gjerast ferdige og då kunne det verte seint. I to dagar bakte vi, so det vart store stablar på flattbrødbenkjen på stabburet.

I dei dagar då vi vaks opp, var det fedrane som var

overhovud i heimane, og vi hadde stor respekt for far. Soleis vart det mor vi var mest på bølgjelengde med. Ho fekk alle våre hemmelegheiter og ho forstod oss. Kan aldri gløyme kor koseleg vi kunne ha det når vi sat rundt kjøkenbordet og skravla. Ho hadde lett for å le, men ho hadde også lett for tårer, men først og sist hadde ho eit godt hjartelag. I ettertid må vi berre undre oss over korleis ho som ville ha orden og reint og pent rundt seg, kunne greie det slik ho gjorde.

Elles var ho flink med maten. Det er vanskeleg å forstå korleis ho kunne variere i middagsmat. Men ho hadde ei eiga evne til å få maten velsmakande endå det gjekk mykje på salta kjøt og flesk, so vi gledde oss rett og slett kvar dag å sjå kva som stod på middagsbordet. Det må nok likevel seiast at ho hadde rikeleg å take av, for far var raus å skaffe på plass det som trengdest. Om hausten var det storslakt av sau, to store griser til jul og nesten alle 14-dagars spekalvar vart slakta til huset. Dessutan vart det kjøpt tunner med fisk som låg i saltlake, fjerdingar med spekesild og sjølvsagt kassar med storsild. Alt var kjøpt i stort. Fint kveitemjøl og grynmjøl og sukker vart kjøpt i 100 kilos sekker. Sirup og brim kjøpte vi i spannevis, og når vi då hadde stabburet fullt med nymalen havre, so trengde vi ikkje å svelte.

Det lyt vel helst seiast at vi hadde det godt i maten, endå om det ikkje var so flust med pålegg. Men vi hadde alltid brød og nysteikte kaker til kaffi. Tenkjer ofte på korleis mor i sommarvarmen måtte stormfyre i komfyren for å steikje brød. Og det var ikkje små mengder som gjekk til i vårt hushald.

Men ein ting var mor fri, og det var oppvask og golvvask. Kvar laurdag vaska og skurte vi i timevis. Lampene vart vaska og pussa og vart fyltte med olje. Og når vi var ferdig inne, so var det å sope tunet frå trappa og like ut på låvebrua.

Mor hadde stor skilnad på kvardag og søndag både i mat- og kløvegen. Frå laurdag til kaffi og til måndagsmorgen hadde vi nykinna smør og syltetøy på maten. Og søndag til kaffi fekk vi både platekake og wienerbrød.

Mor ville ha oss godt og pent kledd, og det var utruleg kor store tøyrullar vi kjøpte og fekk sytt. I det store og heile leide vi mykje både i sying og striking.

Men når det galldt skovegen, so var det enkelt. Eit par heimelaga pligga sko til best og so trelappar til heimebruk. Kan so vidt minnast at vi eingong fekk sandalar. Trelappar var tunge å gå med so det segjer seg sjølv at når sommaren og varmen kom, so hivde vi både dei og ullsokkane. Og berrføtte gjekk vi til frosten kom.

Fyrst til konfirmasjonen fekk vi kjøpesko og det var godt med lette sko sommartida. Verre vart det om vinteren å gå med småsko uansett ver og føre, og endå om vi gjekk med tjukke heimestrikka sokkar, so låg vi gjerne halve natta før vi fekk varme i føtene.

Far og mor var gjestmilde og dei som kom innom fekk oftast mat. Men dei hadde og faste bedde gjester. Som regel var det mann og kone som kom med

hesteskyss. Når gjesten var komne i hus, sprang vi ungane ut for å leike. Og alt som vi fann på. Vi kjeda oss vist ikkje. Om våren og sommaren var det vel oftast å spele steinen, pakke ball, hoppe tau og mykje, mykje anna. Men om hausten når det tok til å skymast, likte vi best å «sove bomm». Du verda kor kjekt vi hadde det. Naboungane kom alltid til oss, for vi hadde største tunet og beste gjøymepllassane.

Når snøen kom, tok gutane fram dei heimelaga skiene, men vi jentene måtte greie oss med kjelke. Det hende også at vi sette oss på vedasledane so mange som det berre var plass til og let det gå ned den bratte og krokete tunvegen. Mykje godt at det gjekk vel, for vi køyerde av og til utfør vegen nede i Ospene.

Far var i grunnen føre si tid i mangt, og han bygde fleire ganger på både bustadhuset og løbygningane. Men det vi var aller mest glad for, var når han delte av eit rom i eldhuset til bad, og han kjøpte badeomn og stort badekar. Det var vel mor som var mest glad for det, som då vart fri for å ha vaskestampen på kjøkkenet kvar laurdag. Det var so herleg å bade, legge seg i reinvaska seng og med ei god bok. Då hadde vi det godt. Og om det var søndag og vi sovna og vakna opp av at far sat nede i stova og spelte orgel, ja, det var himmerik på jord!

Felles for oss alle, var at vi var glad i å lese og glad i musikk. Trur ikkje at det er noko overdrive å seie at vi las ut alle bøkene i Eikás Folkeboksamling. Dertil heldt Henrik «Nynorsk vekeblad», som gjekk frå den eine til den andre til alle hadde lese det. Og so hadde han patafon med mange fine plater som vi koste oss med. Dette gjorde vel til at vi fekk så mykje ferdig musikk, at vi hadde ikkje tolmod til å lære og spele sjølv. Berre to læerde å spele slik at det heldt til husbruk.

Slik hadde vi det. Kvart arbeid til si tid. Men vi var so mange om alt. Aldri aleine om eit arbeid og alltid liv og røre. Far var flink til å syrje for hjelp, om det galt dreng eller terne, og elles leigejhjelp når det trengdest. Det var so mange som var glad over å tene ei dagløn, som då var på 20 – 30 kr månaden og fast kost. Difor gjekk ordtaket: «Ei krone om dagen og maten i magen.» Som fast vedahoggar hadde vi han Johannes i Øyna og det var ikkje lite ovnsved som trengdest.

Det er stilt i den store Østenstadstova no, men i tankane reiser eg ofte heimatt.

Eg stig inn på det store flate tunet – går opp på troppa der hagebenken som far hadde laga stod – tek ein titt inn på kjøkenet, og eg tenkjer på mor som var midtpunktet der og som vi miste so alt for tidleg.

So går eg inn i den store myrke gangen – bankar på stovedøra og går inn. Eg ser for meg far som låg i senga, og hører for meg same orda: «Du vart so lengje, eg har venta so på deg.»

Eg set meg ned i ein av dei store funkis-stolane som han har laga og kviler ut. Her er det godt å vere. Her var vi alle velkomne.

Ei romantisk kråkevise frå Telemark

Vesle frøken Kråke-Gjø
ifrå Nedre Hjuksebø
traska fram i slaps og snø.

Nakne kråkefrøken-tær
fraus i kjøld og styggever,
slik som nakne føter gjer.

Og forfrosne Kråke-Gjø
klaga imot vind og snø:
«Gjev eg var på Hjuksebø!»

Då kom Kråke-Per frå Sogn
i ei raud-brun folkevogn
heim frå ferie i Skogn.

Kråke-Gjø fekk sitje på.
Spør om ho vart fegen då!
Og kva trur du hende så?

Kråke-Per og Kråke-Gjø
ifrå Sogn og Hjuksebø
har bygd reir på Bolkesjø.

Dagfinn Hjellbrekke

Brua

Elva renn framom buset mitt.
Bortanfor elva ligg buset ditt.

Elva fossar stygg og strid.
Stakkars den som datt uti!

Men d'er ingen fåre, må du tru,
for over elva går ei bru.

Og når eg vil bort og leike med deg,
går eg brua med trampesteg.

For ho er sterk bygd og stø som eit fjell
med rekkverk og boltar og bjelkestell.

Så eg kan trampe alt eg har lært
og sputte i elva på berre ert.

Men tenk om elva reiv brua ned!
Kven skulle eg då ha å leike med?

For elva renn framom buset mitt,
og bortanfor elva ligg buset ditt.

Dagfinn Hjellbrekke

Ei eventyrleg reise

Tekst og foto av Asbjørn Knapstad

Bangladesh

Skjelvinga i flykroppen over Karpatane avbraut svevnen, men draumen vart sann:

Den raudde, orientalske månesigden lena seg attover på nattehimmelen, før morgonlyset drog tilside skyteppet rundt Araratfjellet, der Noah ein gong stranda med arka si. Kaspihavet, verdas største innsjø, lågare enn havflata, klarblå mot Kaukakus og Persias brungule fjellkjedar – nett som i Landkunna. Og Mowgli frå Jungelboka! Fantomet frå dei djupe skogane i Bengalbukta. Himalayaekspedisjonane. Misjonærane og lysbileta. Dit er ein på veg, mot barndommens eventyrreiser og fantastiske forteljingar. Med sin betre halvdel og dei tre eldste av dei håpefulle.

Turbanpynta sikhar og silkesarisveipte indiske under gnir svevnen or auga. Framandarta tungemål og odør av orientalsk krydder og parfyme er stemninga i kabinen der vi passerer Pakistan og elva Indus med opphav i den evige snøen i Kashmirefjella. Indus, som gjev liv til det enorme slettelandet ho buktar seg gjennom, og namn til deltaet ho skapar. Men New Dehli som vi mellomlandar i, er omsveipt av smog, og vegen til Agra blir borte i gråkvitlyset. Den frykta pestsjukdommen har nådd byen.

India austover, eit mosaikk-teppe med jordstykke og vegetasjon i ulike fargenyansar, husklynger i små og store landsbyar, linjeføring av vegar, kanalar, og etterkvart den heilage Ganges og dei større elvane, dei også på veg til Bengal. Langt oppe i nord kremskyene rundt Himalaya. Landskapet blir grønare, og restar av monsunskyer heng att i lufta. Så er den der, sagnomsuste Brahmaputra, frå sine kjelder attom Himalaya. Brei og gulbrun gjennom irrgrøn vegetasjon. Kvart år legg ho att 900 mill. tonn silt i Bangladesh, og endrar stadig elvelaup og frodig landskap. Dei typiske hyttene på pelar langt ute i elvane. Rismarkene, eit utal av firkanta vassbasseng. Bangladesh, der syttifem prosent av landet ligg lågare enn 5 meter over havet. Det tettast folkesette, men fattigaste landet i verda. 115 mill. menneske, avhengig av hjelpa frå i-land, men også eit offer for velstanden vår, om drivhuseffekten får havet til å stige.

Med ullgensarane surra rundt livet møter vi tropvarmen på flytrappa. 38 grader i skuggen, sikkert 50 i sola på flyplassen, og luftfukt på 87 %. Varmlufta omklamrar kroppen! «Sveitten spruta utav panna med ein gong,» nett som Sigurd sa. Med sveitteklaka skjorter passerer vi raud sone, merka «Fare! Pest!» og der

passasjerane frå New Dehli blir undersøkte av legar med munnbind, før dei blir sende på 2 vekes isolat. Inne i mottakshallen har dei fleste tørkle for munnen, og held seg på fryktsam avstand frå oss flypassasjera. To kakikledde politimenn, begge med munntørkle og maskinpistol, lenar seg mot veggjen på kvar si side av eit veggstort banner, og gjev satire til innskrifta: «Velkommen til Verdas turstdagar i Bangladesh – oktober og november 95!»

Pesten var førstesideoppslag i Bangladesh-avisene den tida vi var i landet. Frykta fekk mange tragiske utslag. Det verste hende i ein liten indisk landsby der ein familie vart steina til daude av landsbyfolket som trudde familiien hadde fått pesten.

Utanfor flyplassbygningen vrimala det av folk og køyrety, og saman med varmen, palmane, fargane, luktene, lydane – ei eksotisk blanding og sansemessig totaloppleveling som gjorde eit utruleg sterkt førsteinntrykk. Og midt i vrimmelen to gjensynsglade kvittingar, Lilly og Karl Johan, systra til Irene og ektemaken. Begge i arbeid for psykisk utviklingshemma i Bangladesh og Nepal på oppdrag for NFPU, busette i Dhaka på 2.året etter 3 føregåande år i Katmandu. Livsglade menneske med ei sjeldan kontaktevne og med slikt kjennskap og kontaktnett i desse landa, at det vi opplevde på desse vekene, vart ein serie med høgdepunkt, som lesarane av Jølst kanskje vil ane.

I landet med 60 % arbeidsøyse, er Godosh, som sjáfør for NFPU, heldig og dyktig. På veg inni millionbyen Dhaka (12-14 mill), blir trafikken tettare, men farten er stor. Venstreköring etter engelsk kolonitid, 3-6 felt i kvar køyreretning – alt etter som. Bussar og lastebilar inst, så personbilar, overbygde scooterdroser med plass for 2-3 passasjerar, kalla «baby-taxi», rickshawar som er trøsykkeldrosjer med plass for 3, handvogner og gåande utmot vegkant og fortau. Fleire av køyretya verkar farleg skeive og skrøpelege, «heime-spøta» frå grunnen av som dei er, i smier og opne skur, eller rett og slett på fortauet langs med vegane. Bussjáforane konkurrerer ofte om å køyre fortast. Daglege bussulukker på hovudvegane er resultatet. Lastebilane, baby-taxiane, og rickshawane er kunstferdig mala og dekorerte, ofte med nydelege landskapsmotiv. Berre i Dhaka fins det 200 000 rickshawar, og desse er sterkt medverkande til at millionbyen Dhaka har lite luftureining. Dei fleste syklistane står på pedalane, øydelagde som dei blir i skrittet av syklinga. Til polstring i sykkelseta, brukar dei fibrar



Gate i Dhaka med rickshawar og menn som ber varer til marknaden.

frå ytste skalet av kokosnøtta.

Karane brukar «kjole», lhongi, eit mørnstra tøystykke som er knytt i livet og rekk til anklane. Dei som sit inn til murar og i vegkantar, kviler visst ikkje, men sit og pissar. Dopapir er sjeldan vare, så dei brukar venstre handa til slikt. Tommelen opp, særleg venstre, er ei svært uforskamma helsing.

Damene er utruleg vakre i fargerike sariar, men ein skal visst helst ikkje sjå på dei, når ein er mann. Ikkje om dei er gifte. Då kan det vanke pryl av sjalu ektemenn når dei kjem heim. Dei svartkledde fundamentalistkvinnene er snare å slenge sløret framfor andletet, om blikket vårt møtest. Men du kor pene dei er!

Vi passerer jarnbanelinja full av folk som myldrar i alle retningar. Handverkarar og bønder tilverkar og sel varene sine frå vogner, korger og sekkar langs og på skinnegangen. Handelsgate, verkstad og hovudfartsåre på same tid. Når toget kjem, vanlegvis med tett av folk på taket og oppetter sidene, blir sporgangen rydda til toget er passert.

Trafikken i Gamle Dhaka er enorm og tett. 12 ricks-hawar i breidda. 6000 i gatebiletet på ein gong! Fargeflimmer. Men Godosh har det tøft som skal gjennom. Ein pynta portal vitnar om hindubryllaup, medan songen frå minaretane kallar muslimane til bøn.

I hamna ligg dei typiske passasjerferjene, faretruande overlessa med fleire hundre menneske på utsida av båtane. Ungar badar, mødre vaskar klede, og hamnebassenget myldrar av småbåtar på veg i ulike retningar. Mange båtar lasta til ripa av folk, kyr eller varer. Handverk, varehandel og sjapper av alle slag i smaug, langs fasader eller midt på gata. Fullasta lastebilar med grøne bananer og halvmodna ananas klare for eksport. Menn som ber frukt i svære korger på hovudet. Menn som dreg kjerrer med digre lass av murstein, jute, krukker og oljefat. Ei fargerik orientalsk mauritue.

I midtrabbatane inn mot hovudkryssa står dei, tigarane. Born, vaksne og gamle med ulike skavankar.

Nokre gjort til krøplingar, for at folk skal tykkje synd i dei og gje dei pengar. Mange må halde liv i heile familiar på denne måten. Det blir stille i baksetet. I ein midtrabbat bur ein heil familie, 0,9 ganger 4 meter grus og gras, og eit 2 meter høgt tre. Der dissar eit nake 2-3 år gammalt barn.

Forvirra av inntrykk og stemningar svingar vi inn i Gulshan, forbi rikfolka sine palass, og der nye blir bygde. Senete kvinner og menn sit utanfor bygge-plassane og hakkar murstein til pukk frå tidleg morgon til seine kveld, verna mot tropesola under svarte paraplyar. Ei lita gammal dame og nokre småungar leitar i søppeldungen utanfor eit hagegjerde etter noko etande, noko som kan gjenbrukast, eller omdannast for sal. Eit par hundar og nokre kräker stiller svolten på same stad.

Vi svingar inn porten til Lilly og Karl Johan. Eit lite murhus, tenaranneks, hage med hawaiirosetre, citrusfruktetre, banantre, avocado- og kokospalmar. Tenarstabben tek mot. Og Mowgli, som Paul, kristen hus-hjelp i 20-åra med høgvanger kone heime ved Brahmaputra, 2 dagsreiser vekke. Med jungelkniv mellom tennene spring han opp den loddrette kokospalmen, og hentar ned kokosneter til oss. Mjølka er klar, sot og varm, og fell straks i smak hos opphavet som forsvinn langt inn i Jungelboka. Avkomma står som fjætra og nistirer på ei vevkjerring så stor som ei barnehånd. Som mørkret sig på, kjem jungellydane, synginga frå grashoppene, «gekko-ropa» frå små og store øgler som kryp på trestammar og murveggar. Kakerlakkane. Tropenatta i korgstol under palmane på takterassen. Varmt, klamt og vedunderleg. Eg og dr. Livingstone. Og gamle sjømenn.

I landsbyen Pujbajl vart vi omringa av eit sekstials smilande unge og vaksne, straks vi syntre oss. Turen gjennom landsbyen var som eit 17.mai-tog. Eit haleheng av skodelystne, og dei som ville vise fram seg sjølve, byen sin eller bli tekne bilete av. Ein unge hoppa i elva frå ei fem meter høg bru. Då eg fotogra-



Passasjertrafikk på ei av elvane i Bangladesh.

ferte, hoppa eit titals etter. Ein mann kom springande frå ei overfylt passasjerferje, og gjorde det klart at dei ville takast biletet av. Stor jubel frå eit hundretals menn då det klikka i kamera. Men damene torde ikkje anna enn snu seg vekk når fotoapparatet vart rørt. Dei måtte også stå etterst, då vi vart mottekne med stor ære og fekk omvisning på skulen i Pujbajl. Ein skule som vart igangsett av NFPUsom tilbod til funksjonshemma. Etter ynskje frå landsbyfolket fekk også andre born frå landsbyen gå på same skulen, noko som var heilt i tråd med NFPUsine haldningar.

«Speech-therapistar» har høg stjerne i Bangladesh, og eit godt utdanna ektepar ba meg sjå på den 4 år gamle guten deira, som ikkje var god å forstå seg på. «Viss han berre hadde lært å snakke, så ville mykje ordne seg,» sa mora, slik som vi opplever at mødrer i same situasjon også seier heime i Noreg. Guten viste seg å ha autisme. Brukte uturvande epilepsimedisin, og eit tvilsamt preparat frå Ungarn som, ifølgje faren, skulle auke blodstraumen til hjernen og reparere øydelagde hjerneceller.

I medisinmiljø er ein kjende med at legemiddelfirma i i-landa prøver ut medisin på folk i u-land. Det er enklare og billegare enn dyreforsøk, som dyrevernsorganisasjonane er våre for.

Heime hos dr. Molla, statsvitar og professor på universitetet, fekk vi vite meir om Bangladesh og i-landa. Dr. Molla gav oss dei to bøkene han har skrive om u-hjelp. Ein av konklusjonane hans, er at u-hjelpa frå USA, som han særskilt har studert, sidan han har budd der, gagnar USA, men ikkje Bangladesh. Eit grelt eksempel er plantevernmiddelet USA gav. Styremaktene i Bangladesh oppdaga at det var sjukdomsframkallande og forbode å bruke. USA vart bedd om å ta det attende, men ville ikkje. I Bangladesh har dei ikkje teknologi eller økonomi til å gjere stoffet om inkje, så der står det, fleire tusen tonn på hamnelageret i Chittagong. Men Bangladesh hadde drive utviklingshjelp i USA under siste Mississippi-flaumen! Jute-

nett hadde styrka demningane.

Dr. Molla viste oss rundt i den gamle hovudstaden Sonargoan, med engelske empirebyggverk frå kolonitida på 1800-talet. Dei eingong vakre monumentalbygga hysa no både dyr og fattigfolk, og var i sterkt forfall, etter som det fuktige klimaet og jungelen åt seg inn i bygningane. Nokre var dei derimot igang med å reparere, og i museet på staden kunne ein sjå at området var ein metropol, og eit knutepunkt i handelsambandet mellom Kina, araberland og dei sør-aust-asiatiske landa heilt frå 1200-talet og fram til mogulane si stortid på 1500-talet.

Truleg var det i Sonargoan ho planta dei første hyasintane heimafrå, frua frå England som lengta heim. Hyasintane som sidan har spreidd seg som ei plage over heile Bangladesh, og dannar grøne, ugjennomtrengelege tepper på grunner langs alle elvar og diker. Sett frå lufta på veg til Nepal, dekker hyasintane enorme områder.

Nepal

Himalayakjeda, blå og kvite isfjell, solblenkjande over skylaget mot djupblå himmel. Kanchenjunga, Makalu, Lhotse, Nuptse, og etterst den mørke pyramidentoppen på Sagarmatha, «Universets Mor», 8848 meter. Rekka gjekk vidare, Annapurna og Dhaulagiri i eitt med horisonten, idet vi smaug oss under skylaget og landa i Katmandu.

Mottekne med blomsterkranser, mala, av utsendingarar frå sørsterorganisasjonen til NFPUsi Nepal, og prompte invitert til restaurantmiddag med heile styret. Der, som i Bangladesh, var dette betydningsfulle verv, og folk dreiv regelrett valkamp for å bli valde. Kjøp av stemmer ikkje uvanleg.

Om Bangladesh var fargerikt, vart det grått samanlikna med Nepal. Naturen og folket var mangfaldig. 30-40 ulike folkeslag, med sine særtrekk i utsjånad, klede, språk, kultur og religion. Ein ser mange av desse i Katmandu, særleg påtrengande i handlegata


Assan, frå gammalt ein møteplass for handelskaravanene som kryssa Asia og arabarverda, lenge før Marco Polo. Verda har hatt kvile i Nepal, og ein kan oppleve folkelivet slik det har vore levd i århundre. Her fann dei også sitt Shangri La, blomsterbarna på 60-talet, med rikeleg tilgang på viltvesande hasj. I 73 vart dei køyrde i busser utav landet, men gata deira ber enno namnet Freak Street på folkemunne, og narkotikamisbruket har Katmandu sine eigne ungdommar teke etter. Turismen, industrialiseringa og motoriserte køyrety skaffar velstand til landet, men kulturen blir trua, og luftureininga i Katmandudalen gjev helse-skader. Byggverk og tempel som har stått i hundrevis av år, tærst no av ureininga. Berre i Katmandudalen er 2500 tempel, og 900 av desse står på Unesco si liste over særleg verneverdig byggverk.

Pagodetempela på tempelområdet Durbar Square i Katmandu har utskjeringar i tre med relieffar og ornament, så vakkert, detaljert og omfangsrikt at det er ufattelag, særleg når ein tenkjer på kor krevjande heimleg treskurd er. Hundremeterlange relieffar med situasjonsbilete frå hinduismen sitt gude-epos. Heile fasadar berre med treskurd. Særleg vakkert var Pagodetempelet til Kumari, den levande gudinna, inkarnasjonen av hinduguden Parvati, som er kona til Shiva. 3-4 år gammal blir ho plukka ut frå newar-folket, og blir gudinne til ho får menstruasjon, og ei ny må finnast. Berre 7 gonger i året får ho vere utanfor tempelet. Då blir ho boren gjennom gatene for å verne byen. Med tika-merket i panna frå ein sadhu, heilag mann, går vi inn i tempelet for å sjå henne. Og vi er heldige, ho kjem fram i ein glugge for å vise seg, ei pynta og sterkt sminka jente på 5-6 år. Ho blir ståande og stire på lysluggen Sigurd, 7 år, – lenge, til ho blir ropt attende.

Sjølv kongen, rekna som inkarnasjonen av guden Vishnu, tek mot tika-merket av henne ein gong i året.

Hinduismen er statsreligion i Nepal, men har ei inkluderande form, slik at både hinduar, buddhistar og shamanistar kan halde fram med sine eigne religiøse tradisjonar. Kastesystemet, dei religiøse høgtidene og ei mengde med reglar og skikkar bind folk saman.

Dassainfeiringa pågjekk då vi var i Nepal. Ei hinduhøgtid der ein tok seg fri frå arbeid, og storfamiliane samlast, – omlag som jula heime. Folk var i «dassain lagio» (godt humør). «Pariserhjul» og høge bambusdisser vart oppsette til leik for ei vekes tid. Kvar dag hadde sin seremoni for ein av hindugudane. Vi fekk sjå at Mor Dhurga i det fryktelege vesenet Kali, fekk slakta ein vannbøffel. Då vart det festmat i landsbyen,



Den ruvande Buddhabastupaen på Apetempelet, hindutempel i pagodestil til høgre og mange små hindualter i framgrunnen.

og dei vonde åndene ville halde seg borte eit års tid. Langs vegar og på marknad krydde det av saue- og geiteflokkar, som kulle seljast til ofring og matgilde. Dei fattigaste nøydde seg med hanekyllingar.

Vi fekk vere med sjåføren Nati heim, då han skulle ha puja (ofring) på NFPUs bilen. Ein lang og omstendelig seremoni, der Shiva-gaffelen vart mala på vitale deler som ratt, hjul, pedalsett, nummerskilt, forgassar og radiator. Heilagt vatn vart skvetta på. Motoren fekk epler, bananer, ris, neter og sweet. Røykjelse vart plassert på forgassaren. Ein geitebukk vart klar gjort med tika i panna, men skulle også skjekte seg før den kunne takast av dage. Nokre skvettar med heilagt vatn ordna det! Strupen vart skoren over, og blodet spruta på dei viktige bildelene, der også skinnfiller fra geita vart klistra på. Geite-hovudet vart skore av og plassert mot fronten av bilen, med halen i munnen og lys på panna. Nati, som også byrg viste oss husalteret sitt, hadde ikkje køyrt ein meter utan puja på bilen.

330 millionar hindugudar og inkarnasjonar vitnar om eit avansert system. Religionen har 3 hovudgudar,

men kvar har mange vesen. Brahman, skaparen. Vishnu, frelsaren. Shiva, som hjelper mennesket frå eit liv til det neste. Shiva er framfor alt nepalesarane sin gud, og på dei fleste gatehjørne kunne ein finne eit lite tempel, eller alter for han.

I Shrivatempelet i Pashupatinath er det berre hinduar som får sleppe inn, men elles var det fritt tilgjenge. Vi stakk føtene våre i den heilage Bagmatielva som renn gjennom tempelområdet. Mange gamle kjem til Pashupatinath for å døy, helst med føtene i elva. Truande hinduar syter gjerne for ei pilgrimsreise til Pashupati. Ein pilgrim frå India, hadde brukt veker på reisa si, og trøytt, men lukkeleg sette han seg ved elvebreidda. Sadhuane, dei heilage mennene, var både fryktsame og vennlege. Mange kledde i safrangule kjortlar, med langt oppkveila hår, som aldri vart klipytt eller vaska, og som mest såg ut som hampetog. Folk gjev dei gjerne pengar og mat, fordi dei er redde at sadhuane skal mane fram vonde ånder. Nokre sadhuar hadde forlete kone og born, og budde i grotter ved elva. På leit etter sanninga og Gud. Her budde også «Mjølkemannen», som dei siste 15 åra ikkje hadde teke til seg anna føde enn mjølk.

Ved småtempel og steinfallosar utførde familiar, barn og gamle, ofringar og seremoniar. Ungar og pilegrimar bada i elva. Klede vart vaska. Mor Theresasøstre hjelpte nokre sjuke. På ein taburett var eit likbål brend ned til kol og aske, og medan sonen til den daude, kosta restane ut i elva, vart ei ny bålferd igangsett på neste taburett. Liket var pent innsveipt i kvitt ty, pynta med raudt pulver og kronblad frå blomster. Kvinnene i familien sat tilbaketrekt under tak. Dei nærmeste av mennene bar den daude tre gonger rundt vedstabelen, før dei alle gav liket ein neve vatn frå elva. Eldste sonen bar eit tendt lys tre gonger rundt liket motsett veg, før han sette lysskåla på munnen til opphavet sitt og tende bålet. Halm vart dyppa i elva og lagt over. Det var inga lukt. Seremonien var fredeleg, og stemninga i Pashupatinath var balsam for sjela, sjølv for oss nordmenn.

Livet går i evig sirkel. Nepalesarane vil ikkje bryte den. Difor held dei alltid hendene samla når dei gjev eller tek mot noe. Og ser deg inni auga og helsar med handflatene mot kvarandre framfor andletet, «Namaste», brukt som både Goddag og Farvel, men som eigentleg betyr: «Eg ser Guds bilete i deg.»

Buddhastupaene er også ubrytelege gjennom halvkuleforma, og bønnehjula må dreia med sola. Buddha var fødd i aust-Nepal, og ein tredel av nepalesarane høyrrer til buddhismen. Det var mest folk med tibetanske og burmesiske anar å sjå og møte på buddhisttempla Bodhnath og Swayambhunath, men også newarer og folk frå Mustang. Folkegruppene praktiserer ulike retningar av Buddhas lære. Religionsblandinga viste seg også ved små hindutempel på tempelområda. På Swayambunath, også kalla Ape-tempel, såg vi somme som både snurra bønnehjul og ofra ved eit hindualter. I tempelet var vi med i ei buddhistisk lysmesse, med tusen av levande lys, musikk og sang frå eit orkester med messing- og bronsehorn, trefløyter, svære bronsecymbalar og

trommer. I kontrast til dei enkelt kledde munkane i dei burgunderfarga kjortlane, var ein heil vegg med digre statuar av Buddha i reint gull.

Kontrastane mellom dei rikt utsmykka tempela og dei fattigslege husa folk budde i, hadde vi med oss då vi drog sørvestover gjennom frodige, vakre dalar med elvar i botnen, forbi hengebruer og bratte stiar i steile lier, tørre åsar, landsbyar, terassar, utrasa åssider og vegar, og fram til det subtropiske flatlandet i sør. Til rolege elvar, enorme rismarker og tett jungel. Vi var komne til tharu-folket. Det einaste folket i verda immune mot malariamyggen. Der kvinnene blir taterte på kroppen når dei blir vekkgifte. Til jungelen i Chitwan Nasjonalpark. Og der vi igjen blir mottekne som vener, veners vener. Lilly og Karl Johan for 15. gong.

Bharat og Baldab tek oss med på jungelvandring. Først elvepadling. 11 personar i ein uthola trestamme. Ein som stakar framme, ein bak. Idet ein elefant duvar over elva ved vadeplassen, glir vi ut frå elvebreidda og siglar roleg nedover den 100 meter breie elva. 8 meter høgt elefantgras på sørbreidda. Blad-jungel i fleire etasjer på andre sida, og sanneleg, oppe i skyene tronar dei kvite Himalaya-fjella. Hegrar og flamingoar dovnar seg ved vasspeilet. Vannbøflar kjøler seg i elva. Ei elefantkarvane luntar forbi på elvebreidda. Fredeleg. Ellevatnet er varmt, men svalande i tropesola. Opp med fingrane! Bharat har sett ei krokodille!

Bharat som drøymer om å padle med indianarane og ekimoane på elvane i Kanadas villmark.


Vi er komne langt nok inni jungelen, og skal gå attende. Først nødvendige råd frå guidane:

Bjørnen er farlegast, og han nyttar det ikkje å springe eller klatre ifrå. Vi får kaste oss i ein dunge over borna og spele daude, så vil Bharat og Baldab verne oss. Med halvannan meter lang bambusstokk? Tigrane i området er ikkje manneetarar får vi vite. Møter vi ein, skal vi stire han inn i auga, mens vi ryggar roleg attover, og let tigeren få ein sjanse til å bøye av. Å jau! Men Bharat hadde nett fortalt om kameraten sin som vart vansira i halve ansiktet og blind på eine auga, då han vart puffa vekk av ei tigermor med ungar, som han kom for brått på: «Ho ville ikkje drepe.» Slik snakkar ein Mowgli. Nashornet på ein par tonn kan halde ein fart på 40 km i timen, men har dårleg avstandssyn og vil ha problem å sveine under fart. Vi må springe i sikk-sakk til vi finn eit tre å klatre oppi, eller gøyme oss bak. Oppi trea er vi også trygge for villsvina. Leopard og pytons lange oppdagar vi neppe.

Spenninga er lada, der vi smyg oss gjennom buskene. To krokodiller følgjer oss med auga. Eit klikk frå fotoapparatet, og dei mudrar seg nedatt i dammen. Jungelfuglar, spenstige flekk-hjortar, termitt-tuer, daggamalt tigerspor, fersk nashornskit, og eit uroande bjørnespor. Men ikkje fleire dyr før vi kjem til elefant-trenings-landsbyen, og handhelsar ein babyelefant i snabelen. Det skymest. Vi har gått langt, og er utslitne av spenning og steikande varme. Vi kviler ved den yppige «Ikkje-rør-meg-planta», som straks klappar



Nati har Puja på bilen.



Møte med det store indiske nashornet. Det store indiske nashornet kjøler seg i gjørmebola på dagtid.

bladverket saman, når vi rører den. Ei diger elv å vase over. Kvegflokkar henta heim frå beite, sig roleg i plogformasjon over elva. Og lyset og skyene innleiar kveldsførestillinga over rismarkene og jungelåsane i aust. Vi blir henta med oksekjerre. Sola glir ned i rosa blådis i vest, Himalaya er ennå kvit før det mørknar av, og himmelen blir orange og raud. Dette blir sterkt. Det er Gud som held fest for oss i Sauhara, Kongeleg Chitwan Nasjonalpark, 8. oktober 1994. Baldab, Kajo og eg hoppar av vogna. Vi må gå. Vi kjenner det ilag. Og Baldab fortel om den CP-ramma dotra si, som han har laga krykker til. Om flaumen året før, som steig oppunder taket i hytta hans og fôr med alt han eigde. Og himmelen vert eldraud, og månesigden og dei store stjernene klarare. Kaktuspalmene og eukalyptustrea står i svart silhuett mot kveldshimmelen. Eit ungts par småpratar ved stien. Tharukvinnene har fått fyr under leirkrukkene og gjer klar kveldsmaten, medan borna stilnar av leiken, og drøvtyggjande kveg trekkjer nærmare hytteveggane. Himmelten taper fargen. Luktene og tropelydane blir sterkare. Eldflugene gneistrar som morild i nattemørkret, og vi snåvar oss fram til hyttene våre.

Eg maktar ikkje meir. Og når jungeltrommene svarar kvarandre i mørket, legg eg med oppkast og diare, mens dei andre dansar jungeldansar med tharufolket.

Kurert av Bharats naturmedisin, vert elefantridninga gjennom jungelen neste dag eit nytt eventyr. Vane med elefantar, kjem vi nær innpå utallige hjortedyr, og fleire eksemplar av det sjeldne og imponerade

indiske nashornet. Utryddingstruga, men truleg redda for framtida i Chitwan. Gurkha-soldatar er plasserte rundt parken for å hindre snikskyting av dyra. Hornet skal vere verd 40 000 dollar, som struttemiddel i Japan. Før vart «panserhuda» i nakken og på baken av dyret, brukt til kulesikre vestar.

Sjølvsagt var vi i Pokhara og såg det vakre og heilage Fiskehalefjellet, Machapuccchere. Ingen får nokon gong klatre der. Sjølvsagt gjekk vi på trekking frå landsby til landsby under Annapurna. Men vi møtte og menneske. Som barna som dansa til oss, fekk salve og plaster på verkande sår, og som kom springande etter med mala til Sigurd. Som bestemora som visste oss dei fantastiske kunstane der småstein vart sjonglert på fingrane. Som tibetflyktingen i Pokhara, som ikkje fekk sove i framandlandet, før mannen hadde henta ein shaman frå Tibet til henne, – smugla gjennom Himalayapassa med snø til livet. Shaman – ein skjelvar i transe. Kor shamantromma hans på hylla her heime, vibrerar tanken attende til orienten og helsingar frå tibetflyktingar vi møtte: «Good Norway. Dalai Lama. Piece Price 1989.»

Sjølvsagt kjem vi tilbake.
Namaste. Asaalam alaikhum.

Legenda om barnet og

*Av Kåre
Illustrasjonar Anne*

Det var den gode natta, og i himmelen var alle glade. I lang tid hadde forventningane vore store, for Gud Fader hadde sagt at noko merkeleg skulle skje.

No visste alle i himmelen det, og dei kunne la gleda bryte laus. Englane song og dansa. Dei kasta seg frå store høgder ut i nattskyene. Dei tok kvarandre i hendene så det vart ei lang, lang rekke og styrta leande og jublante rundt i himmelrommet. Dei steig om bord i Karlsvogna og vinka til Løva og Jomfrua i det fjerne. Medan Karlsvogna køyrdde over himmelkvelven, kunne dei heile tida sjå den mektige Betlehemsstjerna som viste veg for tre vise menn, som også ville kome, frå land langt borte, for å ta del i den nyfødde gleda.

På ei sky langt unna dei andre sat ein engel for seg sjølv. Ho sat og tvinna det lyse håret mellom fingrane medan tårer rann nedetter kinna. Ho fekk aldri leike med dei andre. Kvar gong ho nærma seg, såg dei så underleg på henne, kasta ertande blikk og små smil. Smil som ikkje var smil i frå hjartet, men utvendige ikkje-smil. Ho kunne ikkje skjöne kva ho gjorde feil, men noko måtte det vere, for kvifor skulle dei elles trekke på skuldrane når det var noko ho spurde om. Nei, det var enklast å halde seg unna. Gøyme seg vekk på ei sky og drøyme om ein liten leikekamerat ho kunne ha heilt áleine.

Nede på slettene ved Betlehem hadde englane samla seg i store flokkar og song dei mest vedunderlege tonar for gjetarane. Josef sat og såg på det nyfødde barnet i krybba, medan Maria tok seg ein liten blund. Alt var fredeleg. Nei, tenkte Josef. Han kunne ikkje bli sitjande slik heile kvelden, arbeidsmann som han var. Medan Maria og barnetsov, ville han reparere litt på stallen. Ikkje godt å vite kor lenge dei måtte halde til der.

Medan Josef fann fram snikkarverktøyet sitt, song englane ute på markene. Dei tre vise menn var enno langt borte og den vesle, einsame engelen oppe på himmelen gjorde ei stor runde over jorda, og då ho på nytt sat oppe på den mjuke skyen, var ho ikkje einsam meir.

Gjetarane hadde lyst å sjå det vesle barnet som englekoret song om, og snart gav dei seg på veg til stallen. Englane viste veg og song heile tida. Då dei kom fram, møtte dei ei gråtande Maria. «Kvar er barnet mitt?» ropa ho. «Kvar er barnet?» Og Josef gjekk fortvila rundt og kunne ikkje tilgje seg sjølv fordi han ikkje heldt vakt ved krybba.

Alle gjetarane og englane tok del i leitinga. Dei leita i buskene og i graset, inne i det turre høyet i stallen og bak dei store steinane ute på markene. Men både krybba og barnet var borte.

«Nei,» sa den eldste og klokaste av englane. «Dette må vi



krybba som vart borte

Lien
Irene Angelsaug



seie frå om til Gud Fader.» Det var alle englane samde om, og medan nokre vart tilbake på jorda for å trøyste og hjelpe Maria, drog dei andre så fort dei kunne opp himmeltrappa for å fortelje om det forferdelege.

Gud Fader fekk auge på dei medan dei framleis var langt borte, og han skjøna at noko ekstra var på ferde. Då englane kom fram, greidde dei nesten ikkje fortelje kva som hadde hendt. Men Gud Fader bad dei roe seg, og steig sjølv opp på det høgaste trinnet på truna og såg utover verda. Han såg lenge. Ingenting kunne sleppe unna det skarpe blikket hans. Ikke den minste stjerne, ikkje det uslaste menneske. «Var det ikkje det eg tenkte,» sa han brått. «Var det ikkje det eg tenkt!»

Og han rette ut handa og peika, og englane snudde seg og fylgte retninga, og dei såg det same som Gud Fader. På ei sky langt borte mot himmelens ytterste grense sat ein liten engel og lo. I fanget heldt ho eit fint gutebarn, og krybba stod så godt og trygt midt i alt det mjuke.

Gud Fader reiste sjølv for å ordne opp i det som hadde hendt. Han la barnet varsamt tilbake i krybba og sette krybba opp i handflata si, og bar henne den lange vegen tilbake til stallen. Gjetarane klappa og lo, og dei tre vise menn stod lukkelege med gull, røykelse og myrra i henderne.

Men på skyra sat engelen og gret. På den lange vegen tilbake til himmelen måtte Gud Fader stoppe og snakke alvorleg med henne.

Jau, det var forferdeleg det ho hadde gjort. Men ho var så einsam og ulukkeleg. Ingen ville leike med henne, og der som ho sa noko, flirte dei andre englane.

Gud Fader vart svært alvorleg. Slikt ville han ikkje vite av i himmelen, sa han. Og alle måtte love å aldri meir plage den vesle engelen. «Men eg er likevel ulukkeleg,» gret engelen. «Eg har slik lyst til å ha eit lite menneskebarn å vere snill mot.»

Gud Fader tenkte seg lenge om. Og då han hadde tenkt, visste han akkurat kva han ville gjøre.


Fra den dagen fekk den vesle, ulukkelege engelen ei av dei viktigaste oppgåvene i himmelen. Når eit lite barn nede på jorda døydde så altfor tidleg, og vart henta heim til Gud Fader medan foreldra sat igjen knuste av sorg, kunne dei i allfall vite at det vesle barnet deira ville få det godt i himmelen. For der, på ei lita mjuk sky, sat ein engel som ikkje visste det beste ho kunne gjøre for dei små menneskebarna. Ho song og byssa dei dagen lang, fann på morosame leikar og sat ved sengane deira om natta. Fra den dagen har alle små barn hatt det trygt og godt i himmelen.

4. klasse ved Vassenden skule 1995/96

Hausten!

Om hausten går vi på fjellet.
Vi plukkar molte
og blåbær i massevis.
I sekken har vi mat og drikke.
Ja det er gøy på fjellet.


Sveinung Lien



I garasjen

Eg gledar meg til
vi skal ut i garasjen
og mekke på bilen
vi kjøpte i fjar.


Dag Ove Kusslid



Sol

Eg er sol.
Eg er varm.
Eg er alltid
blid.
Eg er sol.


Marius Jensen



Blåbær

Eg plukkar og plukkar
med blåbærplukkar.
Bort i skogen står det ein hjort,
men eg plukkar blåbær.


Ove S. Barlund



Fiske

Vi fiskar med stang.
Vi fiskar med garn.
Vi fiskar masse fisk.

Knut Arild Myklebust



Haust

Vinden susar i tre og blad.
No regnar det i li og lund.
Dei som går ute no
blir klisj klasj her og der.
Men ver litt stille
so høyre vi.
Ja, ka vi høyre
er fuglekwitter.


Marita Sandal



Hausten kjem

Hausten kjem
sommaren forsvinn.
Kulda er komen.
Eg ser
ny-snø på fjelltoppane.

Jeanette Kvammen



Blana fell

Blana fell frå trenna
og det er så fargerikt.
Blana fell frå trenna
og vi kan flette lenker.


Nina Ytredal



Å nei

Å nei han kjem
må han det
eg likar ikkje hausten
det er berre det.

Mari Jensen



Haustfargar

Vinden ruskar meg i håret.
 Blada fell,
 gult og rødt
 brunt og svart.
 Vinden ruskar meg i håret.

Ingrid E. Dvergsdal



Blana fell!

Sjå blana har fått farge,
 rauda, gule, grøne.
 Men kva får eg sjå?
 Blana fell frå trea,
 det likar ikkje eg.


Sara S. Gjesdal



Regnet

Regnet strøymer ned.
 Det piskar mot meg.
 Eg blir våt.
 Regnet strøymer ned.


Leif Gabriel Kapstad



Om hausten

Blana vert farga,
 dei fell.
 Det vert mørkare morgon,
 og kveld.


Ann-Kristin Dahlberg



Haust-dikt

Hurra no kjem sola,
 og vinden.
 Men om tre månader
 kjem snøen.

Veronika F. Årdal



Kvelds-kos

Det er fint å ete
 kylling om kvelden,
 nytte hausten
 kvelds-kos.

Adrian Dvergsdal



Blåbær

No er blåbæra komne
 lilla og blå
 store og små,
 No er blåbæra komne.

Marianne Alværen



Høy

Vi kan hoppe i høyet
 det er gøy.
 Kom alle saman
 hausten er komen.

Malene Solheimsnes



Haustdikt

Blada fell av tre.
 Fuglane fer av stad.
 Frukt og bær vi sankar inn.
 Før det vert litt storm og
 nordavind.


Kate O. Skalde



Vind

Vinden susar i tre og busk.
 Vinden ruskar i lauv og blad.
 Vinden susar i lufta her.
 Vinden bles i mot meg.
 Vind!

Mari Haugland



Barneside

Vassrett:

1. Årstid
3. Spon
7. Tele
8. Båt og blad
9. Måne
10. Klokke
11. Artikkkel
12. Havhest
14. Jentenamn
16. Ikkje
18. Gutenamn
19. Rekk
21. Sivbåt
22. Er jula

1	2			3	4	5	6
7				8			
9				10			11
			12			13	
14	15			16			17
18					19	20	
	21			22			

Loddrett:

1. Årstid
2. Jentenamn
3. Nabokummune
4. Like bokstavar
5. Desserten
6. Råk
8. Høgtid
12. Jentenamn
13. Kan brukast som juletre
15. Slu
17. Sint
20. Fisk

GODE SVAR:

Ein dag for lenge sidan kom ein austlending til Vestlandet. Han hadde lite fint å seie om vegane våre. Vegane var svingete, fulle av slaghol og i tillegg var dei livsfarleg smale, klaga han.

Då kom det lunt frå vestlendingen: «Ka tykkje du om lengda då...?»

Martin la frå seg avisa etter å ha lese om ei stor hundeutstilling i bygda, han tok mot til seg og sa til kona si: «No kjære kone, tykkjer eg me skal skaffe oss ein schæfer.»

«Trengs ikkje,» glefste kona, «her i huset er det eg som sjefer!»



Jølstringane meiner

Også i år gjekk vi ut til ein del bygdefolk med spørsmål om miljø og kommunal politikk.

Spørsmåla var:

1. Bør vi ha 90 km fartsgrense på nokon av vegane i Jølster?
2. Treng Jølster prioritere natur og miljøvern sterkare enn no?
3. Mange seier veret blir därlegare og därlegare. Kva meiner du?
4. Kva blir dei viktigaste oppgåvane for det nye kommunestyret?

**Her er svara vi fekk inn
(ein del gløymde å svare).**

Jonas Torsheim, Skei

1. Nei.
2. Ja.
3. Veret i skrivande stund, 31.7. er topp. Men veret har lag til å endre seg, og bør jammleg takast opp til munnleg vurdering.
4. Restaurere og bygge opp skulane.
Få innført folkevald styring - no ligg styringa hos byråkratiet.
Få innført reell økonomistyring.

Jan Haarklau, Vassenden

1. Nei.
2. Nei, igrunnen ikkje. Dei verkeleg store miljøproblema er av global karakter. Kanskje bør vi på sikt styre turisttrafikken sterkare. Når det gjeld forurenning av vatn og vassdrag har kanskje pendelen svinga for langt. Tilsig av næringsstoff til vatnet er i dag i minste laget.
3. Eg hugsar gode og därlege somrar før òg, men kanskje vintrane har vorte mildare. Hugs at mange av rekordane for nedbør, varme og kulde er svært gamle.
4. Opprusting av skulane. Stortinget har pålagt oss å lage eit tilbod til 6-åringane, og det må vi forholde oss til dersom våre born skal få ei likeverdig oppføring.

Opprethalde tenester innan helse og eldreomsorg minst på same nivå som i dag.

Marknadsføre kommunen som ein god bustadkommune. Halvere prisane på bustadtomter. Engasjere seg i eigedomsselskap saman med private interesser.

Judith Kapstad, Vassenden

1. Stor fart øker risiko for alvorlige ulykker. Bredde og standard på veiene i Jølster tilsier at 80 km må være maksimal fart på veiene her.
2. Dette er et stort saksfelt. Jeg kan ikkje komme på noe annet å trekke fram enn en del skogsveier som har skapt store «sår» i naturen. Ellers vil jeg si at vern om natur og miljø må holdes levende hele tiden, barn og ungdom må tidlig læres opp til å bli engasjerte og kritiske slik at utviklingen blir styrt i riktig «natur og miljøbevisst» retning.
3. Jeg husker best de gode dagene fra barndommen og glemmer de grå. Slik er det vel for de fleste. Jeg tror været varierer fra år til år, og er vel omtrent som det har vært når en trekker opp de grove linjene gjennom tiårene.
4. Jeg mener det må være å få en så god økonomistyring at vi kan få frihet til å prioritere og styre etter våre målsettinger. Vi må sørge for at administrasjon og politikere samarbeider godt, at det kan skape en god ånd blant ledere som gir som resultat at alle legger seg i selen for å dra lasset sammen. Den gode dugnadsånd som for meg har blitt et varemerke på jølstringen, må komme mer fram i samspillet mellom sektorer, ledere, organisasjoner, administrasjon og politikere. Jeg valgte Jølster som bosted for 20 år siden fordi jeg ønsket en plass å bo som ville gi barna mine gode oppvekstvilkår, jeg ønsket å komme til «landsbygda» som sikret trygghet, nettverk, nærlhet og omsorg mellom naboor og generasjonene. Jeg mener at Jølster er et slikt sted, vi må legge oss i selen for å bevare det gode og de gamle tradisjonene, men samtidig følge med tiden. Vi må sikre gode oppvekstvilkår for barn og ungdom i Jølster. Barna er vår framtid, prioritærer vi ikke dem høyt nok, så sager vi av den grein vi sitter på. Vi må sikre dem gode omsorgs- og undervisningstilbud. Skolene må rustes opp, slik at de blir et troverdig utviklings- og læringsmiljø som gir våre barn utdanning som minst er på nivå med andre kommuner.

Atle Hamar, Vassenden

1. Nei, det er neppe forsvarleg ut frå vegstandarden, og slett ikkje i høve til trafikktryggleiken.
2. Vi må byrje sjá på konsekvensane av vegbygging og dyrking i utmark. Elles har vi fått ei brukbar renovasjonsordning. Jølster har elles godt og reint miljø.

3. Tvilar på det. Det er vel slik at når det er stygt ver i dag, så hugsar vi berre solskinssdagane før i tida.
4. Stortinget har pålagt oss å etablere ei skuleordning for 6-åringane. I ei tid med trøng økonomi blir dette den vanskelegaste saka å løse, men den er samstundes viktig dersom vi skal få eit likeverdig skuletilbod.

Jarle Helgheim, Skei

1. Nei! Auka fart medfører direkte fleire trafikkulykker.
2. Ja! Natur og miljøvern må prioriterast stadig sterkeare, også i Jølster, både i stor og liten skala. Dette er spørsmål om å ta vare på sin del av miljøet, bygd på kunnskap, bevisstgjering og haldning.
3. Spørsmål om klimaendring må sjåast over tid. Meteorologane/klimatologane, som sit med statistiske opplysningar, bør vere dei rette til å svare på spørsmålet. Men det er nær samanheng mellom luftforureining og ver. Vi er alle med på å påvirke klimaet, både lokalt og globalt. Prof. Olav Orheim: «Vår generasjon er den første som påverkar klimaet, og den siste som slepp unna konsekvensane.»
4. Gjenskape tillit til det politiske Jølster! Kommunepolitikken i Jølster har etter kvart fått lågstatus! Den negative utviklinga i det politiske miljøet må kvar einskild politikar ta personleg ansvar for. Politikarane må vise betydeleg meir evne og handlekraft. Deretter må ein konkret: a) Auke inntekten. (Større fantasi og betydeleg innsats). b) Skjere drastisk ned på administrative utgifter. (Effektivisere og rasjonalisere kommunale oppgåver og tenester). Deretter må ein prioritere dei gamle, det fortener dei.

Ingvar Hylderås, Vassenden

1. Nei. Dersom farten blir auka til 90 km så vert den i realiteten auka til 100-110 km. «Grenser er til for å brytast.»
2. Både ja og nei. På eit punkt er vi på topp i landet - det er bøndene å takke. Bøndene er svært flinke til å kalke bøane og bruke skjelsand i attlegg. Dette gjev høg ph i Jølstravatnet og delar av Jølstra. Eit anna positivt trekk er plasseringa av Fossheim kraftverk. Kraftverket er lite sjenerande, og vil om 3-5 år vere lite synleg. Alle har kanskje merka seg, særskilt det siste året, kor mykje lauv/krattskog som har vakse fram overalt. For det første hindrar dette utsyn over den vakre Jølstrabygda når folk ferdast langs vegane eller elles i naturen. Vi må ikkje for ettertida tolerere eksperiment med sprenging i vassdraget vårt. Som driftevatn og eit rikt fiskevatn kan dette bety store farar.
3. Veret er korkje betre eller därlegare, meiner eg. Klimaet har endra seg slik at det er mindre forskjell på sommar og vinter-temperatur. Eg kan hugse attende til 50-60 ára, - snøen låg då til slutten av mai på Øyaflata, og telen gjekk sein i jorda, men då sommaren kom var den varm.

4. Den viktigaste oppgåva for det nye kommunestyret må vere å samla Jølsterbygda slik at striden mellom øvre og nedre blir borte. Vonar elles at det nye kommunestyret forstår at både tannklinik, helse-senter og aldersheim/sjukeheim på Vassenden og Skei er like viktig. Sentra er oppbygde, og flytting av dei vil gjere tilhøva svært vanskelege og tungvinde. Skal t.d. skuleelevarne frå Vassenden reise til Skei for å kome til tannlege vil dei misse tre timer - då med ekstra skyss. Misbruk av tid og økonomi. Personar som er tilsett i kommunalt arbeid må få retningslinjer slik at dei utfører det arbeidet dei har teke på seg. Det må ikkje vere så enkelt å sende «problemet» vidare til nestemann. Når personar vert tekne ut til ymse nemnder, må dei ha nok kjennskap til nemnda dei skal representer. Utvelginga synest mange gonger tilfeldig.

Inga Svidal, Stardalen

1. Nei.
2. Folket i bygda har til alle tider både brukt naturen og teke vare på den. Når det gjeld miljøvern så har eg inntrykk av at folk gjer sitt beste, og ikkje er likegyldige. Det er viktig, men lat oss bli sparde for hysteri.
3. Veret har alltid gått opp og ned, men som han sa den eldre mannen: «Det er alltid det siste som er det verste, og det er alltid det ein hugsar best.» Forresten må ein vel etter denne sommaren og hausten hugse det aller beste.
- a) Det har blitt slik i dag at det er ein vesentleg ting å takle media.
- b) Dessutan må det vere av stor betydning å få dei ulike etatane til å samarbeide og forstå kvarandre.
- c) Å legge til rette for industri og nye arbeidsplassar, er ein langsam prosess. Difor bør det klar-gjera området i tide. Det er for seint å «trä til» nokre dagar før ein har bruk for det.
- d) Men det viktigaste av det er at kvar einskild politikar går til arbeidet med denne instillinga: No må vi sjá heile bygda under eitt og drive ein heilskapeleg politikk.

Jon Lyngstad, Stardalen

1. Definitivt nei.
2. Natur og miljø er viktig for oss alle. Jølster har mykje godt og ta vare på her. Men vi har 40 prosent av arealet bandlagt med spesialle reglar (Nasjonalpark-landskapsvernområde etc.). Landbruk, industri og offentlege instansar har rikeleg med regelverk for å sikre begge felta. Konklusjon: Ikke fleire restriksjonar, men oppfylling av dei vi har. Tankekors: Bonden, som før var stolt når han dyrka jord, føler no at han gjer noko straffbart.
3. Sommaren 95 har i allfall vore knakande god.
4. Det må kommunestyret sjølv avgjere. For meg har nærings- og bustadpolitikk vorte viktigare etter kvart. For å bestå som eigen kommune er dette viktige felt. Det trengst nye næringar og nye skattebetalalar. Det er viktig for kommuneøkonomien og.

Rafting

– intens, våt og vakker naturoppleving

Tekst og foto: Hallvard Klakegg

Vatnet sprutar over deg – vilt og vått. Elva vil bere deg, løfte deg, eller kaste deg rundt i det «kokande» vatnet.
– Hardare forover! Kommanderer guiden. Seks par sterke armar lyder, pressar gummiflåten vidare – og vinn.


Slik beskriv Bergens Tidende sin journalist ein tur med Jølster Rafting, og det er vel slik mange av dei som tek turen med oss, opplever rafting. Dei fleste som kjem til oss er nok spente og usikre på kva dei har gitt seg ut på, men reiser igjen med ei god sjølv-

kjensle av at dei har klart utfordringa dei tok.

I tillegg til dette opplever mange, då spesielt utlendingar, ei nærheit til vilt og vakker natur som dei aldri før har opplevd.

Det var sommaren 1990, etter NBU sitt landsstemne på Vinstra der rafting var ein av aktivitetane, at ideen bak Jølster Rafting oppstod. Etter at ein gjeng av oss hadde prøvd rafting der, vart interessa for denne sporten stor.

Og våren 1991 var den første flåten kommen til Jølster. I tillegg tok Esten Børset og Bjørn Førde guidekurs i Sjoa dette året. Dette er eit kurs som må takast for å få den nødvendige kompetanse og er som eit



I harde stryk er konsentrasjon, vilje og samarbeid nødvendig.


førarkort» for båtførarar. På dette tidspunktet var det snakk om lite kommersiell aktivitet, men mest som ein hobby for oss sjølv.

Men vi gav oss ikkje her, det vart starta lutlag med ca. 15 innskytarar og målet var klart; skaffe meir utstyr og prøve å starte med kommersiell rafting.

På forsommaren 1992 var dette gjort. Vi var klare til å ta imot kundar, og hadde to nye båtar med utstyr i tillegg til 4 nyutdanna guidar. Kundane kom og aktiviteten blei berre større og større, og har foreløpig nådd sin topp på ca. 400 kundar dette året (mot 250-300 i 1994).

I dag har Jølster Rafting 4 båtar med utstyr, 8 utdanna guidar og ein buss til å frakte utstyr og kundar med. Vi har i år fått oppholdsplass i bygdetunet i Stardalen, der vi også har utgangspunkt for turane våre no.

Aktivitetsnivået kan stå som bevis for at rafting er blant dei mest attraktive tilboda vi har å gje turistane som kjem til Jølster. Så sjølv om ein noko utradisjonell aktivitet byrjar å få fotfeste i den elles så tradi-



Rafting er ikkje berre fossar og fall, men også padling i roleg farvatn i vakker natur.

sjonsrike bygda, håpar og trur vi at vi også i framtida kan få turistar og andre interesserte til å oppleve rafting i Jølster.

Til slutt oppfordrar vi fleire Jølstringar til å ta steget over tuba og «hive» seg med.



COMBINO

Aut. Våpenforhandlar.
Sauer service stasjon. Mekanisk verkstad.

HELGEIM
6850 SKEI I JØLSTER

Tlf./Fax. 57 72 85 75

Firma Gunnar Hylderås

Assortert landhandel
Medisinutsal
Kontaktmann V. Salslag for Jølster
Sandal i Jølster • Telefon 57 72 66 56

ONDE'BRØYLJSLE

av skikkeleg tørr kvalitet, ikkje noe allminneleg sageresp,
er det vi lagar på vårt anlegg på Ålhushus
Har du smause på, ta kontakt med:

Jølster Flis

Telefon: 57 72 67 12 (Roar) • 57 72 66 18 (Rune)

Omtrekking av møbler?

Kontakt
Jølster Møbel- og interiørservice
Telefon 57 72 66 12





Jølster Samyrkelse

Avd. 001 – Skei i Jølster – telefon 57 72 83 77
Avd. 002 – Stardalen – telefon 57 72 89 29
Avd. 003 – Årdal – telefon 57 72 66 44

MAGNHILD HEGHEIMS VEVSTOVE

Åhus, 6840 Vassenden
Tlf. 57 72 67 05

ÅKLE – LØPARAR – PUTER M.M.
TEPPE ETTER MØNSTER AV
NIKOLAI ASTRUP

S-MARKED

VASSENDEN – Tlf. 57 72 72 00

Velkommen til triveleg handel

OPNINGSTIDER:

Måndag-onsdag 9–17 • Torsdag-fredag 9–19
Laurdag 9–15

Medlemsinformasjon • Kjøpeutbytte 3%
ON LINE

Velkommen til

**SKEI
SERVICENTER**

Bensinstasjon
Kafe
Hytteutleige (heilårs)

6850 Skei – Telefon 57 72 82 34



6840 VASSENDEN – TLF. 57 72 71 35

*Jølstraholmen Senter A.s
ynskjer alle God Jul og Godt Nyttår!*

Vi vil også i det nye året stå til teneste for dykk:

DAGLEGVARER
Lange opningstider 10-20 (18).
Godt utval og lage Spar prisar.

BENSINSTASJON
Hugs – hos Statoil får du poeng på alle varer.
Ope 7-23 alle kvardagar, sundag 9-23.

VEGKRO
Alle dagens måltid. Vi arrangerer selskap eller leverer
maten heim til deg – god mat til hyggelege prisar.

BILVERKSTAD
Vi reparerer alle typar bilar og traktorar.

Velkommen innom!



*Godt utval i
brød og kaker*

LEFI BAKERIDRIFT AS
SOGNDALEBAKERIET AS
LEFI BAKST AS



6840 Vassenden

Telefon 57 72 72 52

Fax 57 72 74 00

Snikkarverkstad til teneste.

Vi laga nytt eller resleie det gamle,
både hus og møbler.
Visst det ikkje er ubotelæ.
Kan hende du blir forsappa over ka vi får te.
Vi hjelpe deg gjerne, da æ no førtrælæ
å gå jærandslause!

JØLSTER BYGG AS

6840 VASSENDEN I JØLSTER • TLF. 57 72 74 15 • FAX 57 72 74 22




Eikås Frisør

v/EVA ÅRSET • TELEFON 57 72 75 88

Opningstider etter behov. Mandag stengt.
AUT. HÅROLOG

ENTREPRENØR
**Ivar A.
Sunde**



6840 Vassenden

Telefon 57 72 72 96 • Mobil 94 55 27 72

Utfører alt innan tre og betong

JØLSTER BIL

6850 SKEI I JØLSTER

**Nær
Butikken**
ÅLHUS A/S • 57 72 68 88

Jostein Sunde

**Autorisert
maskinentreprenør**

6850 SKEI I JØLSTER
Tlf. 57 72 83 32
Mobil 94 55 85 47



Rør og rørartiklar
Sanitæreanlegg og utstyr
Varmeanlegg med ved, flis og olje
Pumpeanlegg
Kjøkkeninnreiling
Baderomsmøbler

JØLSTER RØR A/S

Aut. rørleggarmeister
TROND AARDALSBAKKE
6850 SKEI I JØLSTER
TLF. 57 72 83 50 • MOBIL 94 50 31 27



N-6850 Skei i Jølster
Telefon 57 72 81 01 – Telefax 57 72 84 23

MEIR ENN 100 ÅR I REISELIVET SI TENESTE

Vår tradisjonsrike familieverksemd følgjer med i tida og er i dag eit moderne og komfortabelt hotell med 150 senger fordelt på 78 gode rom med bad/dusj/WC/tlf. Her er store salongareal og matsal med plass for inntil 300 personar. Dans til levande musikk, bar, folkedansframsyning/folke-musikk kvar veke i sommarsesongen. Fleire både større og mindre, godt utstyrt møte- og kurslokale. Plenumssal med plass for inntil 250 personar. Aktivitetsrom, badstu, bølebad og solarium. Ny symjehall med sommartemperatur heile året. Har montert teleslyngje for høyselshemma i alle avdelingar, resepsjon, matsal, salong og matsal.

Stort utandørs parkareal og tennisbane. Praktfull turterren, ørrefiske, båtar, syklar, hestar og breflyging. Godt utgangspunkt for ein rekke turar med bil eller buss.

NYTT I 1995:

3 nye hotellrom tilpassa rørslehemma (rullestol)

Sommarsesong mai-september. Elles ope heile året for kurs, møter, konferansar og alle slags arrangement.

Vi ynskjer velkommen til eit hyggeleg opphold
FAMILIEN SKREDE



Årdalsbakke
ELEKTRO-AS

STERKSTRÅM • SVAKSTRÅM • TELEINSTALLASJON

6850 Skei • Tlf. 57 72 81 35 • Mobil 94 74 19 41

FAX 57 72 85 95

DIKTING FRÅ JØLSTER

Ei perfekt julegåve!
100 kr. akkurat.

Jølster Mållag
– eit lag med viktige mål!

**OBS: SPESIAL-BUTIKK
I KUNSTNAR-MATERIELL!!**



MålarSkrinet Galleri
og Rammeverkstad
Bildekunstner Sylvia Steinaagard

Opn.tid: Tirsd.-søndag: kl. 13-18. (evt. avt.)

Jølster Antenneservice

Årdal, 6850 Skei i Jølster • Tlf. 57 72 66 21

- ALT I LYD OG BILDE
 - RIMELEGE PRISAR

KRAMBUA

SIGURD KLAKEG

6850 Skei tlf. 57 72 81 22


tif. 57 72 81 22

*Hjartelig
velkommen
til
handel
i julestova.*



AUDHILD VIKENS VEVSTOVE

Skei tlf. 57 72 81 25 • Førde tlf. 57 82 00 84
Julehuset Bryggen – Bergen tlf. 55 31 69 70




*Vi ynskjer alle
kundane våre
ei God Jul
og
eit Godt Nyttår.*

*Vi takkar for
året som gjekk!*



SPAREBANKEN

HJELPER DEG



Treng du lån?

Då skal du kontakte
Sparebanken Sogn og Fjordane.
Du kan låne til hus, bil, båt,
hytte eller kva du treng pengar til.
Våre rådgjevarar hjelper deg
med å finne eit lån du kan leve med.



KLØPPEKRÅ'NA FRISØRSALONG

TLF. 57 72 85 55

Kom innom for
ein kopp kaffi
og ein «hårprat»

Opningstider: tysdag 9–16
 onsdag 9–18
 torsdag 9–16
 fredag 9–16
 laurdag 9–13
 (annakvar)

JØLSTER FOLKEBIBLIOTEK

Tlf. 57 72 85 20



Opningstider:

Mandag.....	10-15
Torsdag.....	15-19
Fredag	12-17

LES EI BOK SÅ VERT DU KLOK!



**FOTO - VIDEO - UR
OPTIKK - GULL
SØLV - MUSIKK**

ALF HELGHEIM & CO

6850 SKEI I JØLSTER TLF. 57 72 83 11 • FAX. 57 72 83 11

FOTO - VIDEO - UR - OPTIKK - GULL - SØLV - MUSIKK

*Alle oss
finn du i
bankbygget
på Skei*






Foto av Oddleiv Apneseth

Kr. 40,-

EKO-Trykk A.s – Førde